



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 30

(2016–2017)

Melding til Stortinget

Verksemda til Avinor AS

1930 DY1354	Edinburgh	Norwegian	C
1930 SK320	Haugesund	SAS	E/F
1930 SK223	Kristiansand	SAS	E/F
1940 DY1020	Warszawa	Norwegian	C
1945 DY426	Molde	Norwegian	C
1945 SK3519	Zurich	SAS	H
1945 LX1217	Zurich	Swiss International AirH	
1950 SK8416	Tallinn	SAS	E/F
1950 OV138	Tallinn	Estonian Air	E
1950 DY326	Tromsø Alta	Norwegian	C
1955 SK4098	Harstad/Narvik	SAS	E/F
1955 WF155	Sogndal Sandane	Widerøe	E
2000 DY998	Billund	Norwegian	C
2000 DY546	Stavanger	Norwegian	C
2010 SU2233	Moskva/Sherem	Aeroflot	G
2010 SK896	Stockholm	SAS	E/F
2015 SK4055	Stavanger	SAS	E/F
2030 BE5666	Bromma	Flybe	H
2030 BT154	Riga	Air Baltic	D
2030 SK9624	Riga	SAS	D
2045 SK1475	København	SAS	E/F
2050 DY338	Bardufoss	Norwegian	C
2100 ZY546	Antalya	Sky Airlines	C
2100 DY632	Bergen	Norwegian	C
2100 DY192	Haugesund	Norwegian	C
2100 DY1198	Helsinki	Norwegian	C
2105 BA769	London/Heathrow	British Airways	H



Innhold

1	Innleiing og samandrag	5	5.6.3	Nye marknader og internasjonalisering	30
1.1	Innleiing	5		Miljøarbeidet til Avinor	30
1.2	Samandrag	6	5.7	Tilbringartransport	31
			5.8	Flysikring	32
2	Om Avinor og den statlege eigarskapen	9	5.9	Undervegstenesta	32
2.1	Om Avinor	9	5.9.1	Flynavigasjonstenester og tekniske driftstenester	32
2.2	Den statlege eigarskapen i Avinor	9	5.9.2	Tårn- og innflygingskontrolltenester	33
2.3	Samfunnsoppdrag og samfunnspålagde oppgåver	11	5.9.3	Organiseringa av flysikringsverksemda til Avinor	33
2.4	Målbruk	11	5.9.4	Deltaking på internasjonale marknader	34
			5.9.5		
3	Marknadsmessige og regulatoriske rammevilkår	12			
3.1	Lufttransportmarknaden	12			
3.2	Internasjonale utviklingstrekk	13	6	Samferdselsdepartementet sine vurderingar og regjeringa sin politikk	35
3.3	Regelverk	15		Flytryggleik og samfunnstryggleik	35
3.4	Luftfartsavgifter	18	6.1	Effektivitet og moderniseringsprogrammet til Avinor	35
3.5	Konkurransetsetjing av flysikringstenester	19	6.2	Oslo lufthamn	36
3.6	Luftfartsstrategien til EU-kommisjonen	20	6.3	Utvikling i rutetilbod	36
3.7	Forholdet til Forsvaret	20	6.4	Private og lokale aktørar ved Avinor sine lufthamner	36
			6.5	Rammer for kommersiell verksemd	37
4	Verksemda til Avinor 2012–2016	21	6.6	Miljø	37
4.1	Verksemda til Avinor 2012–2016 .	21	6.7	Tilbringartransport	37
4.1.1	Flytryggleik og samfunnstryggleik	21	6.8	Nasjonal transportplan 2018–2029	38
4.1.2	Regularitet og punktleghet	21	6.9	Konkurransetsetjing av flysikringstenester	38
4.1.3	Økonomi og finans	21	6.10	Innfasing av konkurranse	38
4.1.4	Luftfartsavgiftene	22	6.10.1	Organisering av Avinor	
4.1.5	Investeringsprosjekt og initiativ ...	22	6.10.2	Flysikring AS	39
4.1.6	Samfunnsansvar	25	6.10.3	Drift av flysikring i utlandet	39
4.1.7	Det ytre miljøet	25	6.10.4	Personell	39
4.2	Samferdselsdepartementet sine vurderingar	26			
5	Avinor sine planar og strategiar	27	7	Finansielle forhold	41
5.1	Flytryggleik og samfunnstryggleik	27	7.1	Verdivurdering	41
5.2	Trafikkutvikling og økonomi	27	7.2	Avkastningsmål for Avinor	41
5.2.1	Resultatutvikling	27	7.3	Samferdselsdepartementet sin langsiktige utbytteforventning	43
5.2.2	Investeringar	27	7.4	Finansiering av Avinor	43
5.3	Moderniseringsprogrammet til Avinor	28			
5.4	Utvikling i rutenettet	28	8	Økonomiske og administrative konsekvensar	45
5.5	Private aktørar ved Avinor sine lufthamner	30			
5.6	Utvikling av kommersiell verksemd	30	Vedlegg		
5.6.1	Kommersiell verksemd ved lufthamnene	30	1	Vedtakter for Avinor AS	46
5.6.2	Strategisk eigedomsutvikling	30	2	Plan for virksomheten 2016 – 2018 (§10-plan)	48
			3	Driftsresultat per lufthamn 2016 ..	79



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 30

(2016–2017)

Melding til Stortinget

Verksemnda til Avinor AS

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 5. april 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing og samandrag

1.1 Innleiing

Om Avinor

Avinor blei etablert i 2003 ved at forvaltingsbedrifta Luftfartsverket blei omdanna til eit aksjeselskap der staten eig alle aksjane. Samferdselsdepartementet forvaltar den statlege eigarskapen, og samferdselsministeren er generalforsamling i selskapet. Formålet og samfunnsoppdraget til Avinor er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for den sivile luftfarten og flysikkeringsstenester for den sivile og militære luftfarten. Verksemnda skal drivast på ein sikker, effektiv og miljøvennleg måte, og sikre god tilgjengelegheit for alle grupper reisande. Avinor er kategorisert som eit selskap med sektorpolitiske mål. Dei sektorpolitiske måla skal nåast mest mogleg effektivt. Selskapet skal i størst mogleg grad vere sjølvfinansierende gjennom inntekter frå lufthamn- og flysikringsverksemd og anna forretningsverksemd knytt til lufthamnene. Internt i selskapet skal det skje ei krysssubsidiering mellom bedriftsøkonomisk lønnsame og ulønnsame einin-

gar. Formålet og rammevilkåra til selskapet følger i vedtektene, jf. vedlegg 1.

Om eigarmeldinga

I samsvar med det styringssystemet som blei etablert då Avinor blei danna i 2003, skal Samferdselsdepartementet leggje fram meldingar til Stortinget om verksemnda til selskapet, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002–2003) / Budsjettinst. S. nr. 13 Tillegg nr. 1 (2002–2003). Av St.meld. nr. 48 (2008–2009) *Om verksemnda i Avinor AS* / Innst. 95 S (2009–2010) går det fram at Samferdselsdepartementet tek sikte på å leggje fram ei eigarmelding kvart fjerde år, eller oftare dersom det er behov for det. Førre eigarmelding blei lagd fram våren 2013, jf. Meld. St. 38 (2012–2013) / Innst. 492 S (2012–2013).

Formålet med eigarmeldingane er å gi Stortinget ei orientering om utviklinga i selskapet sidan førre eigarmelding. Det blir vidare gitt ei orientering om dei planane Avinor har for verksemnda i tida framover, og korleis Samferdselsdepartementet vurderer desse planane. Utgangspunktet for

vurderingane er rolla departementet har som forvaltar av den statlege eigarskapen i Avinor.

Samferdselsdepartementet er òg styresmakt for luftfarten. Meldinga omtaler regulatoriske spørsmål i den grad det er nødvendig for utøvinga av eigarskapen. Meldinga omfattar mellom anna ein gjennomgang av dei viktigaste rammevilkåra selskapet må ta omsyn til og innrette seg etter. Nokre av rammevilkåra er bestemte av marknads-tilhøve, mens andre er retningslinjer fastsette av styresmaktene.

Eigarpolitikken til regjeringa er presentert i Meld. St. 27 (2013–2014) *Et mangfoldig og verdiskapende eierskap* (eigarskapsmeldinga). Eigarskapsmeldinga og behandlinga av denne meldinga i Stortinget, jf. Innst. 140 S (2014–2015), dannar grunnlaget for eigarstyringa av Avinor og andre selskap med statleg eigardel. Eigarmeldinga om Avinor tek for seg forhold som er spesielle for Avinor, mellom anna som følgje av særskilde reguleringar og rammevilkår.

Eit viktig grunnlag for eigarmeldinga er Avinors plan for verksemnda for perioden 2016–2018, som blei lagd fram våren 2016 (§ 10-planen), og som følgjer som vedlegg 2 til denne meldinga. Etter § 10 i vedtektene skal Avinor leggje ein slik plan fram for samferdselsministeren kvart år.

Som eit grunnlag for å vurdere den økonomiske utviklinga og planane til selskapet fekk Samferdselsdepartementet gjennomført ei verdivurdering av Avinor våren 2016 av PricewaterhouseCoopers AS (PwC). Samferdselsdepartementet har vidare engasjert det britiske konsultentselskapet Helios for å vurdere spørsmål knytte til konkurranse på flysikringsområdet. Rapportane frå Helios og PwC er lagde ut på heimesidene til Samferdselsdepartementet.

Samstundes med eigarmeldinga legg regjeringa fram Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonalt transportplan 2018–2029*. Her blir transportpolitikken til regjering for dei neste tolv åra presentert, medrekna luftfartspolitikken og miljøpolitikken for transportsektoren. Utviklinga av lufthamnettet er ein sentral del av dette, og det blir vist til denne meldinga for ein grundig gjennomgang av dei langsiktige planane regjeringa har på dette området.

1.2 Samandrag

Økonomi og finansielle forhold i Avinor

Avinor skal vere sjølvfinansierande og tek ikkje imot direkte tilskot over statsbudsjettet. Inntekter frå bedriftsøkonomisk lønnsame lufthamner er

med på å finansiere bedriftsøkonomisk ulønnsame lufthamner. I 2016 hadde åtte lufthamner positivt driftsresultat, mens 38 lufthamner hadde negativt driftsresultat. Resultatrekneskap per lufthamn er vist i vedlegg 3.

Om lag halvparten av inntektene til konsernet kjem frå avgifter flyselskapa betaler for dei tenestene Avinor yter. Avgiftene for bruk av lufthamnene i Avinor er på eit internasjonalt konkurranse-dyktig nivå. Resten av inntektene er kommersielle inntekter frå forretningsdrift i tilknytning til lufthamnene. Om lag halvparten av dei kommersielle inntektene er knytte til avgiftsfritt sal på lufthamnene.

Utviklinga i inntektene til selskapet er i stor grad avhengig av utviklinga i talet på flypassasjerar. Veksten i passasjeretalet har vore låg i dei to siste åra. Årsaker til den låge veksten er moderat økonomisk vekst og nedgang i petroleumssektoren. I perioden 2012–2016 auka talet på passasjerar med 2,2 pst. i gjennomsnitt kvart år. I den same perioden auka trafikkinntektene til Avinor med 2,0 pst. i gjennomsnitt kvart år. Dei kommersielle inntektene auka med 6,5 pst. i gjennomsnitt kvart år. Avinor reknar med at veksten i passasjeretal og inntekter kjem til å ta seg opp i tida framover, og at særleg dei kommersielle inntektene kjem til å auke etter at dei nye terminalane ved Oslo lufthamn og Bergen lufthamn opnar i 2017.

Driftskostnadene til Avinor har auka mindre enn inntektene, og Avinor reknar med at dette kjem til å halde fram, mellom anna som følgje av eit moderniseringsprogram for meir effektiv drift.

Investeringsnivået har vore høgt i dei siste åra, særleg knytt til dei nye terminalane ved Oslo lufthamn og Bergen lufthamn. Avinor legg opp til eit høgt investeringsnivå også i dei nærmaste åra. I tillegg til dei nye terminalane i Oslo og Bergen har selskapet planar om å utvide terminalane ved fleire andre lufthamner, og det skal gjerast store investeringar på flysikringsfeltet. Gjeldsfinansieringa til Avinor er avgrensa av vedtektene til selskapet, som seier at eigenkapitaldelen ikkje kan kome under 40 pst. § 11 i vedtektene definerer eigenkapitaldelen som forholdet mellom bokført eigenkapital og summen av bokført eigenkapital og renteberande langsiktig gjeld. Avinors egne prognosar tilseier at selskapet vil oppfylle dette kravet, mens det i den eksterne verddivurderinga frå PwC er berekna at eigenkapitaldelen kan kome til å falle under 40 pst. i åra 2019 og 2020.

Det er eit overordna mål for regjeringa at selskap med sektorpolitiske mål skal nå måla på ein effektiv måte. Samferdselsdepartementet vil understreke at det er viktig at Avinor effektivise-

rer drifta, slik at luftfartsavgiftene kan haldast på eit konkurransedyktig nivå. Departementet vil spesielt peike på potensialet for kostnadseffektivisering som ligg i auka bruk av konkurranse. Fram mot neste eigarmelding vil departementet gjennomføre ein studie som samanliknar effektiviteten i Avinor med effektiviteten i liknande selskap. Studien vil ta omsyn til at Avinor har plikt til å levere ei rekkje kostnadskrevjande og bedriftsøkonomisk ulønnsame tenester.

Samferdselsdepartementet legg vidare til grunn at utbytet frå og med rekneskapsåret 2018 skal vere 50 pst. av overskotet etter skatt. Det er den same langsiktige utbyteforventninga som for åra før rekneskapsåret 2014. For rekneskapsåra 2014–2017 har utbytet til eigaren vore avgrensa oppover til 500 mill. kr.¹ Dersom selskapet får ei inntektsutvikling som er svakare enn rekna med, må Avinor tilpasse investeringsplanane sine etter dette.

Samferdselsdepartementet vil redusere avkastningsmålet for Avinor frå 6,1 pst. til 5,1 pst. Dette er ein konsekvens av rentereduksjonar i dei siste åra og i tråd med tilrådinga frå PwC.

Oslo lufthamn

Inntektene frå Oslo lufthamn er viktige for at Avinor skal kunne utføre samfunnsoppdraget. Oslo lufthamn er også det klart største navet i det norske lufthamnnettet og den viktigaste porten mot utlandet. Avinor ønskjer derfor å vidareutvikle Oslo lufthamn som eit nasjonalt og internasjonalt knutepunkt. Avinor meiner at Oslo lufthamn kjem til å nå kapasitetsgrensa kring 2030, og at det då blir behov for ei tredje rullebane.

Samferdselsdepartementet støttar Avinor sitt mål om å vidareutvikle Oslo lufthamn som eit nasjonalt og internasjonalt knutepunkt. Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor held fram med å planleggje den nye rullebana, og at det austre alternativet blir lagt til grunn for den vidare prosessen. Det er usikkert når behovet for ei tredje rullebane eventuelt oppstår og regjeringa har ikkje teke stilling til spørsmålet om utbygging. Når Avinor meiner behovet oppstår, må selskapet søkje konsesjon etter luftfartslova. Konsesjons-søknaden vil da bli behandla av Samferdselsdepartementet.

Utvikling i rutetilbod

Avinor arbeider for å auke rutetilbodet på Oslo lufthamn og andre lufthamner i selskapet. Samferdselsdepartementet ser det som positivt at Avinor også utviklar eit rutetilbod til utlandet frå andre lufthamner enn Oslo lufthamn. Ved alle lufthamner har Avinor høve til å gi rabattar, til dømes i samband med oppstart av nye ruter. Rabattane må vere kommersielt grunnleggjande og i tråd med regelverket for statsstøtte.

Flytryggleik og samfunnstryggleik

Regjeringa legg visjonen om null drepne og hardt skadde i transportsektoren, nullvisjonen, til grunn for arbeidet med transporttryggleiken. Flytryggleiken i norsk luftfart er høg, og i perioden 2012–2016 var det ingen ulykker med personskarar der Avinor medverka til at ulykka oppsto. Samferdselsdepartementet føreset at Avinor framleis prioriterer arbeidet med flytryggleiken høgt. Avinor må òg halde fram med å prioritere arbeidet med samfunnstryggleik og følgje dei føringane som er gitt i Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan (2018–2029)*.

Tilrettelegging for private aktørar og kommersiell verksemd

Den politiske plattformen for regjeringa (Sundvolden-erklæringa) slår mellom anna fast at regjeringa vil leggje til rette for at kommunar og private skal kunne ta del i utviklinga på og omkring flyplassar. Samferdselsdepartementet ser derfor positivt på at Avinor legg delar av verksemda ut for konkurranse. Departementet meiner at Avinor i større grad bør leggje til rette for at private og kommunar kan delta i utviklinga av områda rundt lufthamnene. Avinors aktivitetar utanfor kjerneverksemda, medrekna eigedomsutvikling, bør avgrensast. Departementet ønskjer heller ikkje at Avinor skal engasjere seg i konsulentverksemd og drift av lufthamner i utlandet, eller at Avinor Flysikring skal gå inn i marknader på andre område enn flysikring.

Miljø og tilbringartransport

Avinor har mål om å vere ei drivkraft i miljøarbeidet i luftfarten. Avinor syter mellom anna for at det blir blanda inn biojetdrivstoff (0,2 pst.) i tankanlegget ved Oslo lufthamn. Avinor har òg sett i gang eit langsiktig prosjekt for å vurdere korleis det kan leggjas til rette for at elektriske passasjer-

¹ For budsjettåret 2017 (rekneskapsåret 2016) tok Samferdselsdepartementet likevel ut 550 mill. kr i utbytte, jf. Prop. 1 S (2016–2017) og Innst. 13 S (2016–2017).

fly kan bruke Avinors lufthamner. Avinor skal arbeide for at reiser til og frå lufthamnene i selskapet skal kunne gå for seg med kollektive transportmiddel, og Oslo lufthamn har den høgaste kollektivdelen i Europa. Slik Samferdselsdepartementet vurderer det, medverkar Avinor for å auke kollektivdelane i tilbringartransporten og redusere dei belastningane luftfarten påfører miljøet.

Konkurransetsetjing av flysikringstenester

Av Sundvolden-erklæringa går det fram at flysikringstenester skal konkurransetsetjast. I arbeidet med konkurransetsetjinga har Samferdselsdepartementet lagt til grunn at undervegstenestene framleis skal leverast av Avinor Flysikring utan konkurranse. Dette er i tråd med praksisen elles i Europa. Ein marknad for tårn- og innflygingstenester er i rask utvikling, mens undervegstenestene i hovudsak framleis blir leverte av statlege monopol.

Avinor legg opp til å starte arbeidet med å innføre konkurranse om tårn- og innflygingstenester i 2017. Selskapet ønskjer å etablere fjernstyrte tårn ved lufthamner der dette er meir kostnadseffektivt enn å konkurransetsetje tradisjonell flysikringsteknologi. Samferdselsdepartementet meiner at kostnadseffektivitet må prioriterast, og er samd i Avinor sine vurderingar om å prioritere å ta i bruk fjernstyrte tårn der det er forventa at dette gir

større innsparingar enn konkurransetsetjing bygd på tradisjonell flysikringsteknologi.

Ved dei andre lufthamnene forventar Samferdselsdepartementet at Avinor startar prosessen med å fase inn konkurranse om tårn- og innflygingstenester i 2017. Det er viktig at omfanget av konkurransen blir stort nok til at marknaden blir interessant for fleire potensielle tilbydarar.

Samstundes meiner departementet at Avinor Flysikring må få høve til å konkurrere i utlandet når heimemarknaden blir opna for konkurranse. Departementet legg til grunn at Avinor Flysikring etablerer ein selskapsstruktur som gjer at den finansielle og operative risikoen knytt til eit slikt utanlandsengasjement, blir minst mogleg.

Samferdselsdepartementet vil vidare setje i gang ein prosess fram mot neste eigarmelding med sikte på å flytte eigarskapen til Avinor Flysikring AS ut av Avinor-konsernet. Departementet meiner at dette er nødvendig for å skape tilstrekkeleg avstand mellom kjøpar og seljar av flysikringstenester.

Konkurransetsetjinga av flysikringstenestene kjem til å krevje auka overvaking og kontroll frå luftfartsstyresmaktene si side. Nye aktørar må godkjennast av Luftfartstilsynet, og marknaden må overvakast. Samferdselsdepartementet vil vurdere om det er behov for auka løyvingar til Luftfartstilsynet og eventuelt kome tilbake til Stortinget om saka.

2 Om Avinor og den statlege eigarskapen

I dette kapitlet blir det gjort greie for den statlege eigarstyringa av Avinor. Kapitlet gir også ein presentasjon av Avinor AS og av det ansvaret og dei oppgåvene selskapet har.

2.1 Om Avinor

Avinor AS er eit aksjeselskap der staten ved Samferdselsdepartementet eig alle aksjane, og samferdselsministeren er generalforsamling. Selskapet har til oppgåve å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for den sivile luftfarten og flysikringstenester for den sivile og militære luftfarten. Verksemnda skal drivast på ein sikker, effektiv og miljøvennleg måte, og sikre god tilgjengelegheit for alle grupper reisande. Dette er samfunnsoppdraget til selskapet. Avinor er kategorisert som eit selskap med sektorpolitiske mål (kategori 4-selskap). Formålet og rammevilkåra til selskapet følgjer i vedtektene, jf. vedlegg 1. Selskapet skal vere sjølvfinansierande gjennom inntekter frå avgifter som flyselskapa betaler for dei tenestene Avinor yter, og inntekter frå anna forretningsdrift i tilknytning til lufthamnene. Døme på anna forretningsdrift er utleige av flyplasshotell, parkeringsanlegg, areal til avgiftsfritt sal og servering. Inntekter frå bedriftsøkonomisk lønnsame lufthamner finansierer bedriftsøkonomisk ulønnsame lufthamner. I 2016 hadde åtte lufthamner positivt driftsresultat.

Konsernet Avinor omfattar morselskapet Avinor AS og dotterselskapa Avinor Flysikring AS, Svalbard lufthavn AS, Oslo lufthavn Tele&Data AS og Avinor Utvikling AS. Avinor Utvikling AS forvaltar seks underliggjande eigedommar gjennom eigne dotterselskap.

2.2 Den statlege eigarskapen i Avinor

Med utgangspunkt i regjeringsplattforma, Meld. St. 27 (2013–2014) *Et mangfoldig og verdiskapende eierskap* og Stortinget si behandling av denne meldinga (Innst. 140 S (2014–2015)) forvaltar Samferdselsdepartementet den statlege eigarskapen i

Avinor. Det rettslege grunnlaget for ansvaret og myndigheita departementet har som eigar, følgjer av *aksjeloven*, som fastset ei klar rollefordeling mellom staten som eigar, styret og den daglege leiinga av selskapet. Forvaltninga av selskapet er styret sitt ansvar. I tråd med § 10 i reglementet for økonomistyring i staten har Samferdselsdepartementet fastsett interne retningslinjer for forvaltninga av eigarinteressene i Avinor.

Vedtektene til Avinor omtaler kva slags verksemd selskapet skal drive og korleis selskapet skal styrast. Dei overordna rammene for Avinor blir fastlagde gjennom eigne eigarmeldingar til Stortinget om verksemnda i selskapet og Stortinget si behandling av desse meldingane. Eigarmeldingane byggjer på rapportering frå Avinor i samsvar med § 10 i vedtektene (§ 10-planen), årsrapportar og dei måla regjeringa har for norsk luftfart. Samferdselsdepartementet har ansvar for at eigarstyringa av Avinor blir utført i samsvar med overordna føringar frå Stortinget.

Samferdselsdepartementet legg vekt på at eigarstyringa av Avinor skal skje på ein ryddig og formelt rett måte. Eventuelle styringsvedtak vil berre bli gjorde gjennom generalforsamlingsmøte. Elles består styringsverktøyet til departementet av styreval, finansiell styring og eigardialog med selskapet.

Samferdselsdepartementet regulerer inntektene til Avinor frå lufthamnavgiftene i eigenskap av å vere øvste nasjonale luftfartsstyresmakt, og er ansvarleg for å setje ytingsmål for flysikringstenester (jf. avsnitt 3.4). Samferdselsdepartementet og Luftfartstilsynet fastset regelverk som har konsekvensar for drifta av Avinor. Samferdselsdepartementet blir tidvis involvert i saker som gjeld samhandling mellom Avinor og andre statlege organ. Slike situasjonar krev at departementet er medvite om dei rollene det har som både eigar og regulator.

Den statlege eigarskapen i Avinor medverkar til at heile landet får eit godt flyrutetilbod. Det er Stortinget som avgjer kva for lufthamner selskapet skal drive. Avinor kan ikkje redusere transportstandarden vesentleg ved ei lufthamn utan å ta det opp med eigaren.

Boks 2.1 Eigarskapspolitikken til regjeringa

Eigarskapspolitikken til regjeringa er presentert i Meld. St. 27 (2013–2014) *Et mangfoldig og verdiskapende eierskap* (eigarskapsmeldinga). I publikasjonen *Regjeringens eierpolitikk 2015* er vedtak og særskilde merknader i samband med Stortinget si behandling av eigarskapsmeldinga gjennomgått, jf. Innst. 140 S (2014–2015). Regjeringa har som ambisjon at eigarskapsutøvinga til den norske staten skal vere av beste praksis internasjonalt. Eigarskapen skal utøvast profesjonelt og føreseieleg innanfor rammene sette av selskapslovgivinga og allment aksepterte eigarstyringsprinsipp. I selskap der staten har sektorpolitiske mål med eigarskapen, skal måla nåast mest mogleg effektivt.

I Meld. St. 27 (2013–2014) presenterer regjeringa ti prinsipp for god eigarstyring. Prinsippa rettar seg mot alle selskap der staten er eigar, uavhengig av eigardel og formål:

- *Alle aksjeeiere skal likebehandles.*
- *Det skal være åpenhet knyttet til statens eierskapsutøvelse og selskapets virksomhet.*
- *Eierbeslutning og vedtak skal foregå på generalforsamling.*

- *Styret er ansvarlig for å utarbeide klare mål og strategier for selskapet innenfor rammen av vedtektene, staten stiller forventninger til selskapets resultater.*
- *Kapitalstrukturen i selskapet skal være tilpasset selskapets formål og situasjon.*
- *Styresammensetningen skal være kjennetegnet av kompetanse, kapasitet og mangfold ut fra det enkelte selskapets egenart.*
- *Styret har det overordnede ansvaret for forvaltningen av selskapet og skal herunder ivareta en uavhengig kontrollfunksjon overfor selskapets ledelse på vegne av eierne.*
- *Styret bør ha en plan for eget arbeid, arbeide aktivt med egen kompetanseutvikling og evaluere sin virksomhet.*
- *Lønns- og insentivordninger bør utformes slik at de fremmer verdiskapingen i selskapet og fremstår som rimelige.*
- *Selskapet skal arbeide målrettet for å ivareta sitt samfunnsansvar.*

Innanfor denne sektorpolitiske ramma skal selskapet sikre ei god forvaltning av staten sine verdier. For å stimulere til god finansiell forvaltning og effektiv drift set staten mål for avkastninga av den kapitalen staten har investert i selskapet. Avkastningsmålet er fastsett med utgangspunkt i avkastninga frå andre føretak i same næring. Det noverande avkastningsmålet til staten blei fastlagt i den førre eigarmeldinga, jf. Meld. St. 38 (2012–2013) / Innst. 492 S (2012–2013), og er sett til 6,1 pst. for Avinor-konsernet samla.

Etter den gjeldande utbytemodellen, som omfattar rekneskapsåra 2014–2017, skal utbyttet utgjere 50 pst. av overskotet i konsernet etter skatt, avgrensa oppover til 500 mill. kr, jf. Prop. 97 S (2013–2014) / Innst. 255 S (2013–2014). Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2017, jf. Prop. 1 S (2016–2017), blei utbyttet frå Avinor for rekneskapsåret 2016 auka med 50 mill. kr, som ein del av avtalen mellom regjeringspartia og Kristeleg Folkeparti og Venstre, jf. Innst. 5 S (2016–2017).

Av Meld. St. 27 (2013–2014) / Innst. 140 S (2014–2015) går det fram kva for forventningar regjeringa har til selskap med statleg eigardel, i

tilllegg til forventningar til avkastning og utbyte. Regjeringa forventar mellom anna at styret forvaltar verksemda til det beste for selskapet, eigarane og dei tilsette, og regjeringa er oppteken av at styra skal arbeide aktivt med å utvikle arbeidet sitt.

Regjeringa forventar vidare at selskap med statleg eigardel skal arbeide systematisk med samfunnsansvaret sitt og vere leiande på sine område. Forventingane er både generelle og meir spesifikt knytte til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og arbeid mot korrupsjon. Selskapa skal mellom anna vere i fremste rekkje i arbeidet knytt til klima- og miljøutfordringar i si næring, og dei skal ta omsyn til korleis klimaendringar og klimapolitikk kan påverke verksemda. Selskapa skal òg vere leiande i si næring når det gjeld HMS, og ha merksemd retta mot dette i kontakten med leverandørar og forretningspartnarar. Vidare skal selskapa opptre ansvarleg i omstillingsprosessar og gjennomføre slike prosessar i dialog med dei tilsette og lokalsamfunna. Når det gjeld arbeidet mot korrupsjon, forventar regjeringa at selskapa

har etablert nødvendige retningslinjer, system og tiltak for å hindre korrupsjon og for å handtere moglege lovbrøt og tvilstilfelle.

I februar 2015 fastsette Nærings- og fiskeridepartementet nye retningslinjer for lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette i føretak og selskap med statleg eigardel. Retningslinjene erstattar retningslinjene frå mars 2011. Hovudprinsippa i retningslinjene frå 2011 er vidareførde, medrekna at leiarlønningane skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarende selskap, og at styret skal arbeide for moderasjon i godtgjeringa til leiande tilsette.

For å oppnå effektiv drift forventar regjeringa vidare at styra i selskapa med statleg eigardel følgjer godt med på utviklinga i teknologi og marknader, og at styra organiserer verksemnda så effektivt som mogeleg. Regjeringa forventar også at personalpolitikken blir prega av inkludering og mangfald, og at selskapet har etablert strategiar og gjennomfører tiltak for å fremje likestilling og anna mangfald i verksemnda.

Samferdselsdepartementet følgjer opp dei forventingane regjeringa har til Avinor i eigardialogen med selskapet.

2.3 Samfunnsoppdrag og samfunnsplåagde oppgåver

Samfunnsoppdraget og formålet til Avinor er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for den sivile luftfarten og flysikkeringsstenester for den sivile og militære luftfarten. Verksemnda skal drivast på ein sikker, effektiv og miljøvennleg måte, og sikre god tilgjengelegheit for alle grupper reisande.

Etter § 3 i vedtektene kan eigaren, i tillegg til samfunnsoppdraget, påleggje Avinor å utføre visse samfunnsplåagde oppgåver. Med samfunnsplåagde oppgåver meiner departementet plåagde oppgåver som det ikkje er nødvendig å utføre for å kunne løyse samfunnsoppdraget, og som heller ikkje følgjer av lover og forskrifter. I praksis kan det vere eit uklart skilje mellom oppgåver innanfor og utanfor samfunnsoppdraget. Avinor utfører i dag desse samfunnsplåagde oppgåvene:

- Ein del oppgåver som gjeld planlegging og utgreiing. Til dømes skal Avinor delta i arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP). Etter nærmare avtale kan Samferdselsdepartementet òg be Avinor om å greie ut konkrete tiltak og prosjekt.
- Halde lufthamner opne for ambulansefly og ambulanshelikopter også utanfor den ordinære opningstida ved lufthamnene. Avinor vurderer kostnadene knytte til dette til rundt 150 mill. kr per år.
- Vere pådrivar og leggje til rette for at transporten til og frå lufthamnene skal kunne skje med kollektive transportmiddel. Det er eit mål å auke kollektivdelen i tilbringartransporten.
- Medverke i det nasjonale arbeidet med samfunnsstryggleik, medrekna oskeberedskap, og med innsats til redningstenesta.
- Kunngjere informasjon om luftfarten i Noreg i samsvar med nasjonale og internasjonale reglar for luftfarten. Avinor vurderer kostnadene knytte til dette til rundt 50 mill. kr per år.

I den førre eigarmeldinga, jf. Meld. St. 38 (2012–2013) / Innst. 492 S (2012–2013), blei tilrettelegging for flypassasjerar med redusert funksjonsevne klassifisert som ei samfunnsplåagde oppgåve. Dette er no forskriftsfesta, jf. avsnitt 3.3.

Samfunnsplåagde oppgåver kan i prinsippet finansierast av mottakaren av tenesta, av andre brukarar gjennom lufthamnavgiftene eller gjennom dei kommersielle inntektene til Avinor. Oppgåvene blir i dag i hovudsak finansierte gjennom dei kommersielle inntektene Avinor.

2.4 Målbruk

Som statsaksjeselskap er Avinor ikkje omfatta av lov om målbruk i offentleg teneste (mållova) på same måten som statlege organ. Etter § 12 i vedtektene skal likevel mållova følgjast i samband med kunderetta informasjon. Elles skal prinsippa i mållova følgjast, men likevel ikkje slik at det utgjær noka vesentleg ulempe i forhold til konkurrentar.

3 Marknadsmessige og regulatoriske rammevilkår

Dette kapitlet orienterer om nokre av dei viktigaste rammevilkåra Avinor må innrette seg etter. Det gjeld rammevilkår i marknaden, som er bestemte av den økonomiske utviklinga generelt, og utviklinga på luftfartsmarknaden spesielt. Det gjeld òg rammevilkår som styresmaktene har fastsett, som reguleringar og takstpolitikk. Kapitlet omtaler regulatoriske rammevilkår som har teke til å gjelde sidan den førre eigarmeldinga blei lagd fram, og den utviklinga av regelverket som no er i gang. Moglege endringar i regelverket som følgje av dei måla regjeringa har sett om å konkurranseutsetje flysikringstenester, blir omtalte spesielt (jf. avsnitt 3.5).

3.1 Lufttransportmarknaden

Både i Noreg og i store delar av verda har den økonomiske veksten vore låg dei siste åra. Arbeidsløysa har vore høg i store delar av verda og har stige også i Noreg. Konjunkturedgangen har ført til lågare vekst i flytrafikken enn ein har sett tidlegare. Mot slutten av 2014 flata veksten ut,

og i 2015 gjekk det samla talet på passasjerar ved Avinor sine lufthamner ned med 0,2 pst. I 2016 såg ein på nytt ein vekst i passasjertalet, på 1,6 pst. Det er særleg innanrikstrafikken som har utvikla seg svakt. Frå 2014 til 2015 var det ein nedgang på 1,0 pst., og frå 2015 til 2016 ein oppgang på 1,2 pst. Trafikken i samband med offshoreaktivitetar hadde ein nedgang på 11,7 pst. i 2015 og på 17,7 pst. i 2016. Utanlandstrafikken steig med 1,5 pst. i 2015 og 2,6 pst. i 2016. Det blir stadig meir interkontinental trafikk, både som følgje av auka globalisering av økonomien og fordi ferie- og fritidsmarknaden etterspør stadig lengre reiser. Over halvparten av flytrafikken i Noreg går over Oslo lufthamn, og det er òg her veksten har vore størst. I 2015 hadde Oslo lufthamn 1,8 pst. fleire passasjerar enn året før, og i 2016 4,5 pst. fleire enn i 2015. Tabell 3.1 viser talet på passasjerar på Avinor sine lufthamner i perioden 2012–2016, og tabell 3.2 viser talet på flyrørsler i same periode.


Figur 3.1 viser trafikkutviklinga, målt i talet på passasjerar, ved Avinor sine lufthamner frå 2000 til 2016. Figuren viser òg ein prognose fram til 2030.

Tabell 3.1 Passasjerar på Avinor sine lufthamner 2012–2016. Millionar.

	2012	2013	2014	2015	2016
Passasjerar innland	29,0	29,3	29,8	29,5	29,9
Passasjerar utland	17,2	18,8	19,6	19,9	20,4
Passasjerar offshore	0,3	0,7	0,7	0,6	0,5
Passasjerar i alt	46,5	48,8	50,1	50,0	50,8

Tabell 3.2 Talet på flyrørsler 2012–2016. 1000.

	2012	2013	2014	2015	2016
Flyrørsler innland	474	474	486	478	473
Flyrørsler utland	176	187	188	180	176
Flyrørsler offshore	49	51	51	45	37
Flyrørsler i alt	699	712	725	703	686



Figur 3.1 Millionar passasjerar 2000–2016 og prognose 2017–2030.

Kjelde: Transportøkonomisk institutt og Avinor, revidert februar 2017.

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2016 vedtok Stortinget å innføre ei flypassasjeravgift, jf. Prop. 1 S (2015–2016) / Innst. 3 S (2015–2016). Avgifta blei innført 1. juni 2016 og blir pålagt flyselskapa per passasjer. Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2017 (Prop. 1 S (2016–2017) / Innst. 3 S (2016–2017)) blei avgifta auka frå 80 til 82 kr per passasjer, tilsvarande prisstiginga. Innføringa av avgifta falt saman med store endringar i norsk økonomi og næringsliv, og det kan førebels ikkje trekkjas nokon konklusjonar om effektane av flypassasjeravgifta.

Flyselskapa og passasjerane er hovudkundane til Avinor. På innanlandsmarknaden er SAS, Norwegian og Widerøe dei dominerande flyselskapa. På utanlandsmarknaden er Norwegian no større enn SAS, etter å ha vakse kraftig dei siste åra. Norwegian sin vekst har ført til at utanlandske selskap har tapt terreng på den norske utanlandsmarknaden. KLM var det største av dei utanlandske flyselskapa ved Avinor sine lufthamner i perioden 2014–2016.


Etter at Narvik lufthamn, Framnes, blei lagd ned 31. mars 2017, har Avinor no ansvaret for 45 lufthamner. I tillegg er det i dag rutetrafikk på fire lufthamner utanfor Avinor: Sandefjord, Stord, Notodden og Ørland. 96,5 pst. av passasjertrafikken ved norske lufthamner gjekk over Avinor sine lufthamner i 2016. Frå 1. april 2016 er det ikkje lenger rutetrafikk på Fagernes lufthamn etter at ordninga med statleg kjøp av flyruter blei avslutta. Dei to største konkurrentane til Avinor i Noreg

har dei siste åra vore Moss lufthamn, Rygge, og Sandefjord lufthamn, Torp. Rygge og Torp har konkurrert med Oslo lufthamn om trafikken på det sentrale austlandsområdet, i særleg grad om utanlandstrafikken. Rygge lufthamn blei nedlagd 1. november 2016, og nokre av flyrutene vart overførte til Oslo lufthamn. I Norden er det vesentleg konkurranse mellom Oslo lufthamn, København lufthamn, Kastrup; Stockholm lufthamn, Arlanda, og Helsinki lufthamn, Vanta, om den interkontinentale flytrafikken.

Avinor Flysikring AS er framleis i hovudsak eineleverandør av flysikringstenester i Noreg til både den sivile og militære luftfarten. To av lufthamnene utanfor Avinor (Stord og Notodden) driv si eiga lokale flygeinformasjonsteneste (AFIS – *Aerodrome flight information service*). Våren 2016 arrangerte Sandefjord lufthamn, Torp, ein anbuds-konkurranse om leveransar av flysikringstenester. Avinor Flysikring vann konkurransen.

3.2 Internasjonale utviklingstrekk

Norwegian har som det første lågprisselskapet starta interkontinentale direkteruter frå fleire lufthamner i Europa, mellom anna Oslo lufthamn. Fleire flyselskap i Tyrkia og Midtausten har oppretta nye knutepunkt for trafikk mellom Europa og Asia. Dette har ført til auka konkurranse om den interkontinentale trafikken. Ein annan internasjonal trend er at lågkostnadsselskapa, som tra-



Figur 3.2 Det norske lufthamnettet

disjonelt har nytta mindre lufthamner, tek til å leggje rutene sine til dei store lufthamnene. Det har også vore ein trend internasjonalt at lufthamner heilt eller delvis blir privatiserte. Utvikling av *Airport City*-konsept er ein annan trend, der areala på og ved lufthamner blir utvikla og nytta til kontor, hotell, handelssenter og logistikkcenter.

Rask teknologiutvikling, mellom anna når det gjeld informasjonsdeling, fjernstyring og bruk av dronar og robotar, krev kontinuerleg omstilling og kompetanseutvikling hos aktørane i luftfarten.

Utviklinga i det globale trusselbiletet blir møtt med stadig strengare krav til tiltak for å oppretthalde samfunnstryggleiken. Cyber-angrep er identifisert som ein trussel mot luftfarten. Datasystem knytte til flysikring, lufthamner og flyselskap er avhengige av datanettverk og kan vere utsette for angrep som vil kunne føre til store driftsforstyringar med potensielt alvorlege konsekvensar. EU arbeider for å finne tiltak som gjer at ein blir mindre sårbar for cyber-angrep. Noreg deltek i dette arbeidet i EU og driv i tillegg ein omfattande nasjonal innsats.

3.3 Regelverk

Svært mykje av regelverket på luftfartsområdet er felles for heile Europa, og er teke inn i norsk lov gjennom EØS-avtalen. Regelverket i EU byggjer igjen på internasjonale standardar som er gitt mellom anna gjennom FN sin internasjonale luftfartsorganisasjon ICAO (*International Civil Aviation Organization*). Nedanfor følgjer ein omtale av nokre sentrale delar av regelverket som påverkar Avinor. Omtalen omfattar endringar i regelverket som er innarbeidde sidan den førre eigarmeldinga, og det regelverksarbeidet som styresmakterne no er i gang med.

Nye felleseuropeiske krav til tryggleik ved lufthamner

EU sitt flytryggleiksbyrå EASA (*European Aviation Safety Agency*) har som oppgåve å sikre eit høgt og einsarta nivå for flytryggleiken i Europa. Etter forslag frå EASA blei eit nytt felleseuropeisk regelverk for sertifisering, utforming og drift av lufthamner vedteke i EU i 2014. Regelverket er teke inn i norsk rett gjennom EØS-avtalen. Alle Avinor sine lufthamner vil etter planen vere sertifiserte etter det nye EU-regelverket innan utgangen av 2017.

Eit felles europeisk luftrom

I 2004 vedtok EU ein lovgivingspakke om eit felles europeisk luftrom (*Single European Sky – SES*). Lovgivingspakken blei revidert i 2009 (SES II), og eit forslag til omarbeiding av lovgivinga blei lagt fram av EU-kommisjonen i juni 2013 (SES II+). SES II tok formelt til å gjelde i Noreg den 1. januar 2015.

Målsetjinga med SES-lovgivinga er å medverke til ei meir effektiv avvikling av flytrafikken i europeisk luftrom. Innan 2030 skal ein ha oppnådd desse resultatane:

- Flytryggleiken skal auke med ein faktor på 10.
- Kapasiteten skal auke med 300 pst.
- Den negative påverknaden frå flytrafikken på miljøet skal reduserast med 10 pst.
- Einingskostnadene skal reduserast med minimum 50 pst.

For verksemnda til Avinor er kravet i SES-regelverket om yting i flysikringstenestene og kravet om å etablere såkalla funksjonelle luftromsblokker særleg viktige.

Samferdselsdepartementet pålegg Avinor ytingskrav gjennom ein nasjonal ytingsplan som set bindande mål for tenesteytaren. Den inneverande ytingsplanen gjeld for perioden 2015–2019 (referanseperiode 2 – RP2) og omfattar undervegstenesta og tårntenester ved dei fire største lufthamnene, jf. boks 3.1 og avsnitt 3.4.

Dei funksjonelle luftromsblokker skal medverke til ei betre samordning av flytrafikkkontrollen over Europa ved at kontrolleringane samarbeider på tvers av landegrensene. Den norske staten inngjekk ein avtale med statane Estland, Finland og Latvia om ei felles nordeuropeisk funksjonell luftromsblokk i 2012, jf. Prop. 143 S (2011–2012) / Innst. 25 S (2012–2013). NEFAB-avtalen (*North European Functional Airspace Block – NEFAB*) er no inne i den praktiske gjennomføringsfasen. Luftromsblockka samarbeider med den svensk-danske luftromsblockka. Dette samarbeidet resulterte i etableringa av det såkalla «*North European Free Route Airspace*» i november 2015. Tiltaket opnar for at flyselskapa kan planleggje og gjennomføre flygingane langs meir direkte ruter. Dette gjer det mogleg å redusere forbruket av drivstoff og redusere utsleppa av klimagassar.

Ein tredje viktig del av arbeidet knytt til det felles europeiske luftrommet er forskings- og utviklingsprogrammet SESAR, som skal medverke til utvikling av ny teknologi. Som ein del av dette vil det vere obligatorisk å ta den nye teknologien i bruk, og dette skal skje på same tid i heile

Europa. Avinor har delteke i SESAR sidan 2009 og er med både på lufthamn- og flysikringsområdet i prosjekt i det nye SESAR-programmet som er ein del av EU sitt forskings- og utviklingsprogram Horizon 2020. På denne måten vil Avinor medverke til at nye operative konsept og teknologiske løysingar, som seinare kjem som regulatoriske krav, tek omsyn til behov i område med andre utfordringar enn dei ein har i Sentral-Europa.

For å kunne effektivisere luftfarten i Europa, må luftfartsdata og luftfartsinformasjon som blir nytta under flygingar, vere tilstrekkeleg kvalitets-sikra og harmoniserte på tvers av landegrensene. Den såkalla ADQ-forordninga (*Aeronautical Data Quality – ADQ*) skal sikre dette. Forordninga om krav til kvalitet på luftfartsdata blei teken inn i EØS-avtalen og norsk rett våren 2016, jf. Prop. 47 S (2015–2016) / Innst. 202 S (2015–2016). Forordninga inneber at det må produserast nye og meir detaljerte digitale terreng- og hinderdata, og vil føre med seg auka kostnader, mellom anna for Avinor. Samferdselsdepartementet er i gang med å utarbeide dei nødvendige forskriftsendringane.

Universell utforming

Ei forskrift om universell utforming av lufthamner og om kva for rettar funksjonshemma og rørslehemma har ved luftransport tok til å gjelde i juli 2013. Forskrifta skal sikre at alle norske lufthamner oppfyller krava til universell utforming, som er fastsette i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.

Førebygging av terror og sabotasje mot luftfarten (security)

Regelverket som tek sikte på å hindre terror og sabotasje mot luftfarten (security), er harmonisert med regelverket i EU. Regelverket blir oppdatert med jamne mellomrom, til dømes fordi nye terrormetodar blir avslørte eller på grunn av utviklinga av teknisk utstyr. Det er mellom anna vedteke nye reglar for det utstyret som blir nytta for å finne eksplosiv i bagasje. Frå 1. september 2020 skal dette utstyret oppfyller ein ny og høgare standard. Dette vil føre til at Avinor må gjere vesentlege investeringar i tida framover.

Hausten 2016 endra Samferdselsdepartementet regelverket slik at Luftfartstilsynet får høve til å stille krav om akkreditering for personar som har eller skal ha tilgang til område på ei lufthamn der tilgangen er avgrensa av omsyn til trygglei-

ken. Akkreditering inneber at politiet kontrollerer om personen det gjeld, er registrert i politiregistra. Saka skal òg leggast fram for Politiets sikkerhetstjeneste (PST). Før denne endringa tok til å gjelde blei det berre stilt krav om godkjend bakgrunnsjekk frå Luftfartstilsynet. Ein bakgrunnsjekk er mellom anna basert på ein uttømmende politiattest. Ein bakgrunnsjekk viser likevel berre straffereaksjonar mot personen det gjeld, og gir ikkje andre opplysningar om personen som kan telje med når det skal vurderast om han eller ho utgjer ein risiko for tryggleiken. Det er framleis krav om godkjend bakgrunnsjekk, i tillegg til krav om akkreditering.

NOU 2016:19 Samhandling for sikkerhet – Beskyttelse av grunnleggende samfunnsfunksjoner i en omskiftelig tid

Våren 2015 oppnemnde regjeringa eit utval som hadde som mandat å greie ut og foreslå eit nytt lovgrunnlag for førebyggjande nasjonal tryggleik (*Sikkerhetsutvalget*). Utvalet la fram utgreiinga si og eit forslag til ny *sikkerhetslov* hausten 2016 (NOU 2016:19). Siktemålet med lovforslaget er å leggje til rette for å verne grunnleggjande nasjonale funksjonar mot tilsikta uønskte hendingar, slik som terrorhandlingar, spionasje, sabotasje og annan alvorleg kriminalitet. Forslaget utvidar verkeområdet til lova i forhold til den gjeldande *sikkerhetsloven*, og lova skal gjelde for alle verksemdar som har ei kritisk rolle med tanke på grunnleggjande nasjonale funksjonar.

Avinor er omfatta av den gjeldande *sikkerhetsloven* og kjem òg til å falle inn under verkeområdet til den nye lova. For Avinor vil truleg forslaga som gjeld vern av skjermingsverdig infrastruktur, vern av informasjonssystem, personelltryggleik og tryggingegraderte innkjøp, få mest å seie. I utgreiinga er det ei rammelov som blir skildra, dvs. ei lov som gir heimel for meir detaljerte forskrifter. Før dei detaljerte forskriftene er fastsette er det vanskeleg å seie noko konkret om kva for konsekvensar lovforslaget vil få for Avinor.

Kjøp av varsel ved vulkanutbrot

I 2016 blei Meteorologisk institutt peikt ut som nasjonalt ansvarleg for å varsle vulkansk oske. Fordi Avinor og flyselskapa har nytte av ordninga, blei det samstundes fastsett at Avinor skal betale for ordninga ved å kjøpe desse beredskapstenestene frå Meteorologisk institutt.

EUs grenseforordning

Det er foreslått endringar i EUs Grenseforordning (*Schengen Borders Code – SBC*), som er EU sitt regelverk for grensekontroll. Forslaget går ut på at også EU/EØS-borgarar må gjennom ein grundig personkontroll ved inn- og utreise over dei ytre grensene til Schengen-området. Det er foreslått at det skal kontrollerast om reisedokumenta er ekte og gyldige. Dei reisande skal òg sjekkast mot register, og identiteten skal verifiserast ved å kontrollere biometri i passet. Ansvar for personkontrollen ligg hos politiet.

Regelverket blei endeleg vedteke i mars 2017. Ifølgje forordninga skal krava ta til å gjelde seks månader etter at forordninga er vedteken. Regelverket vil kunne påføre lufthamner som er omfatta av Schengen-samarbeidet, vesentlege investeringskostnader og ei meir innfløkt passasjerhandtering. Samferdselsdepartementet forventar at Avinor legg til rette for ein effektiv personkontroll. Samferdselsdepartementet samarbeider tett med Justis- og beredskapsdepartementet om gjennomføringa av det endra regelverket.

Ny støyforskrift for Oslo lufthamn og forskrift om støyrelaterede driftsavgrensingar

Luftfartstilsynet fastsette 17. desember 2015 ei ny forskrift om førebygging av støy ved Oslo lufthamn. Forskrifta gjeld frå 26. mai 2016. Formålet med forskrifta er å unngå unødige støybelastningar i områda kring Oslo lufthamn, samstundes som omsynet til andre forhold som gjeld miljøet, tryggleiken, operative tilhøve og kapasiteten skal sikrast. I forskrifta er det mellom anna gitt føresegner om inn- og utflyging, nattrestriksjonar og støyrestriksjonar for fly.

Samferdselsdepartementet fastsette 1. oktober 2015 ei ny forskrift om støyrelaterede driftsavgrensingar. Forskrifta gjennomfører forordninga (EU) nr. 598/2014, som har som formål å sikre at støyomsyn skal vegast mot kapasitetsomsyn i tråd med ein såkalla balansert metode som er forankra i prinsipp utvikla av mellom andre ICAO.

Konsesjonspolitik

Etter *luftfartsloven* blir det stilt krav om konsesjon frå Samferdselsdepartementet eller Luftfartstilsynet for å opparbeide, drive eller eige ein landingsplass. Samferdselsdepartementet behandlar konsesjonssaker som er særleg viktige prinsipielt eller transportpolitisk. Dei aller fleste søknadene blir behandla av Luftfartstilsynet. Luftfartstilsynet

førebur òg dei sakene som blir behandla av departementet. Konsesjon blir berre gitt når allmenne interesser tilseier det. Ein konsesjon blir gitt for ein avgrensa periode og på dei vilkåra luftfartsstyresmaktene bestemmer. Ved større endringar må konsesjonen vurderast på nytt.

Våren 2014 gav Samferdselsdepartementet Avinor i oppdrag å utforme ein konsesjonssøknad for ei ny lufthamn ved Mo i Rana. Departementet fekk søknaden og innstillinga frå Luftfartstilsynet hausten 2016. I Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan 2018–2029* er det gjort greie for korleis departementet vurderer saka.

Utpeiking

Norske styresmakter er forplikta til å syte for at det blir levert flysikringstenester i norsk luftrom. Dei viktigaste omgrepa under nemninga «flysikringstenester» er forklarte i boks 3.1. Operatørar som leverer flysikringstenester, skal peikast ut av styresmaktene. Dette er ei form for konsesjon og samstundes ein måte å sikre at det faktisk blir levert slike tenester. Samferdselsdepartementet har peikt ut Avinor Flysikring AS til å levere undervegs- og innflygingskontrolltenester fram til 31. desember 2024 og tårnkontrolltenester fram til 31. desember 2017. Avinor AS er peikt ut til å levere AFIS-tenester for eigne AFIS-lufthamner fram til 31. desember 2017.

Regjeringa ønskjer å konkurransesette flysikringstenestene ved Avinor sine lufthamner, og departementet kan derfor bestemme å avslutte utpeikingane for innflygingskontrolltenester, tårnkontrolltenester og AFIS-tenester på eit tidlegare tidspunkt. Konkurransesettinga av flysikringstenester ved Avinor sine lufthamner er omtalt i avsnitt 3.5 nedanfor.

Eiga utpeiking av ytar av tårntenester på Sandefjord lufthamn, Torp

Sandefjord lufthamn gjennomførde ein eigen konkurranse om levering av tårntenester sommaren og hausten 2016. Avinor Flysikring vann konkurransen. For å skilje mellom Avinor Flysikring si rolle som vinnar av konkurransen og den rolla selskapet har som leverandør av flysikringstenester elles (jf. det som er sagt ovanfor), valde departementet å gjere ei eiga utpeiking for Sandefjord lufthamn. Eit eige utpeikingsvedtak markerer òg at det gjeld eit eige sett av vilkår for dei tenestene som skal leverast til Sandefjord lufthamn. Det går òg fram at den særskilde utpeikinga for Sandefjord lufthamn seinare vil kunne bli overført til ein

annan tenesteytar med tilnærma same rammevilkår.

3.4 Luftfartsavgifter

Luftfartsavgiftene er teknisk sett gebyr, og dei skal finansiere drift og investeringar i Avinor sitt nett av lufthamner (lufthamnavgifter) og drift og investeringar i flysikringsverksemda (flysikringsavgifter).

Lufthamnavgiftene

Lufthamnavgiftene omfattar startavgifta, passasjeravgifta, avisingsavgifta og trykkleikavgifta. Avgiftene er betaling for tenestene som flyselskapa og passasjerane nyttar på Avinor sitt nett av lufthamner. Avisingsavgifta skal dekkje Avinors driftskostnader ved å handtere glykol som blir samla opp på avisingsplattformene, mens trykkleikavgiften dekkjer kostnadene ved tryggleikskontrollen av passasjerane. Start- og passasjeravgifta dekkjer Avinors generelle kostnader ved å drive lufthamnene.

Frå og med 2016 blir lufthamnavgiftene på lufthamnene i Avinor fastsette av Luftfartstilsynet, etter forslag frå Avinor og konsultasjon mellom Avinor og flyselskapa. På forehand fastset Samferdselsdepartementet rammene for avgiftene, mellom anna for dei samla inntektene avgiftene gir til Avinor, og for fordelinga mellom start- og passasjeravgifta. Samferdselsdepartementet legg vekt på å fasette eit avgiftsnivå som stimulerer Avinor til effektiv drift.

Avgiftsnivået skal i utgangspunktet vere likt for alle lufthamner, og Avinor skal bruke dei kommersielle inntektene til selskapet til å subsidiere avgiftene, i den grad det er i samsvar med dei vedtektene som gjeld for selskapet. Høvet Avinor har til å ta opp lån er avgrensa av § 11 i vedtektene. Det er gjort ved å setje eit minimumskrav til eigenkapitaldelen på 40 pst., slik at behovet for investeringar ut over dette må finansierast gjennom tilbakehalde overskot. Graden av subsidiering skal altså ikkje gå ut over Avinor si evne til å gjere nødvendige investeringar i lufthamnettet, verken på kort eller lengre sikt.

For flygingar ved mange lufthamner blir det gitt 30 pst. rabatt på startavgifta. I dag har 37 lufthamner ein slik rabatt. Avinor kan dessutan gi rabattar ut frå kommersielle vurderingar så lenge dei er i tråd med regelverket om statsstøtte, jf. Boks 5.1.

Boks 3.1 Flysikringstenester

Flysikringstenester er ei samlenemning for tenester som blir ytte for å overvake og kontrollere flytrafikken i luftrommet og på lufthamnene. Dei viktigaste flysikringstenestene er forklarte nedanfor.

Tårn- og innflygingskontrolltenester omfattar kontrollen og overvakinga av trafikken frå flya forlèt oppstillingsplassen, beveger seg på bakken, tek av og klatrar til undervegsfasen, og motsett frå dei forlèt undervegsfasen, landar på lufthamna og parkerer på oppstillingsplassen. Tårn- og innflygingskontrolltenester blir i dag leverte av Avinor Flysikring AS til Avinors egne lufthamner, private lufthamner og Forsvaret. Tårntenester blir leverte frå eit av dei 20 kontrolltårna som Avinor Flysikring driv ved dei 20 lufthamnene som har kontrollert luftrom. Innflygingskontrolltenester blir leverte anten frå det lokale kontrolltårnet eller frå kontrollsentralane i Stavanger, Røyken eller Bodø.

Mindre lufthamner med mindre innfløkt luftrom driv si eiga lokale *flygeinformasjonsteneste* (AFIS – *Aerodrome flight information service*) og kjøper ikkje tårntenester frå Avinor Flysikring.

Undervegstenesta har ansvaret for å kontrollere og overvake trafikken i undervegsfasen, som er den fasen av ei flyging der setebelta normalt kan vere av. Undervegstenesta blir òg levert av Avinor Flysikring AS frå kontrollsentralane i Stavanger, Røyken og Bodø. Kontrollsentralane dekkjer det norske luftrommet og store delar av Nord-Atlanteren. Kundane er norske og internasjonale flyselskap, i tillegg til Forsvaret. Undervegstenesta blir òg omtalt som områdekontrolltenesta.

Flynavigasjonstenester omfattar drifta av den nasjonale kjerneinfrastrukturen og det lokale utstyret på lufthamnene. Avinor Flysikring AS har i dag ansvaret for å drive den nasjonale kjerneinfrastrukturen, mens drifta av lokalt utstyr er open for konkurranse.

Flyvêrtenester er vêrvarslingsstenester for lufthamner og luftrom og ein del av flysikringstenestene. Det norske meteorologiske institutt er i dag nasjonal ytar av flyvêrtenester.

Flysikringsavgiftene

Flysikringsavgiftene omfattar undervegsavgifta og terminalavgifta. Undervegsavgifta er betaling for flysikringstenester som Avinor Flysikring yter flyselskapa i det luftrommet selskapet har ansvaret for, jf. Boks 3.1. Undervegsavgifta blir rekna ut på grunnlag av vekta av flyet og den flogne distansen. Terminalavgifta er betaling for tenester frå tårnet ved lufthamnene og blir rekna ut på grunnlag av vekta av flyet. Flysikringstenestene som blir ytte ved inn- og utflygingar, blir delvis dekte av undervegsavgifta og delvis av terminalavgifta. Undervegsavgifta og terminalavgifta ved dei fire største lufthamnene i Avinor er kostnadsbaserte og er omfatta av nasjonale ytingsplanar som er vedtekne av Samferdselsdepartementet. For lufthamner utanom dei fire største er terminalavgifta per eining 70 pst. av avgiftsnivået ved dei fire største. Underskotet som då oppstår, blir dekt av dei kommersielle inntektene til Avinor.

3.5 Konkurransetutting av flysikringstenester

Av Sundvolden-erklæringa går det fram at flysikringstenester skal konkurransetuttast. Lufthamner utanfor Avinor har allereie høve til å kjøpe flysikringstenester frå andre enn Avinor Flysikring, og målsetjinga gjeld derfor flysikringstenester ved Avinor sine lufthamner. Dei planane Avinor har for konkurransetutting, er presenterte i avsnitt 5.9.

Formålet med konkurransetuttinga er å oppnå betre og/eller rimelegare flysikringstenester, så framtidig tryggleiken i luftfarten blir minst like god som i dag, og så framtidig Forsvaret får tilfredsstilt sine behov. Tryggleik i denne samanhengen gjeld både flytryggleik, leveringstryggleik og evna til å hindre terror og sabotasje mot luftfarten (*security*). Samferdselsdepartementet har ikkje vurdert å konkurransetutte undervegstenestene. Mens marknaden for tårn- og innflygingstenester er i rask utvikling i Europa, er det framleis i hovudsak statlege monopol som leverer undervegstenestene.

Samferdselsdepartementet må behandle konkurransetuttinga både som eigar av Avinor og som styresmakt for luftfarten. Korleis departementet vurderer planane til Avinor om å ta i bruk konkurranse frå eit eigarperspektiv, er presentert i avsnitt 6.10.

I rolla som styresmakt må departementet medverke til at konkurransen blir effektiv. Samstun-

des må det leggjast til rette for at Avinor Flysikring står overfor rammevilkår som gjer selskapet i stand til å konkurrere på like vilkår med utanlandske leverandørar. Begge delar kan krevje endringar i regelverket, meir om dette nedanfor. Departementet legg til grunn at flysikringstenestene framleis skal vere sjølvfinansierande.

Nokre av dei tenestene Avinor Flysikring leverer i dag, er typiske støttetenester for flysikringsverksemnda, til dømes datatenester og teknisk infrastruktur. Dette er tenester som andre flysikringsleverandørar vil vere avhengige av, men som det av økonomiske og/eller teknologiske grunnar framleis er Avinor Flysikring som bør levere. Samferdselsdepartementet legg til grunn at det kjem til å oppstå ein marknad for slike tenester, der Avinor Flysikring vil levere støttetenester til lufthamnene og/eller flysikringsleverandørane mot betaling. Dersom ein slik marknad ikkje utviklar seg, må Samferdselsdepartementet, i eigenskap av rolla som luftfartsstyresmakt, regulerer tilgangen og prisen på slike tenester gjennom ei forskrift.

Undervegstenester, og flysikringstenester ved lufthamner der desse tenestene ikkje er konkurransetutte, skal framleis leverast av Avinor Flysikring og Avinor AS (AFIS). Avinor Flysikring må òg vere i stand til å overta flysikringsverksemnda ved eit eventuelt driftsbrot hos nye leverandørar, til dømes som følgje av konkurs. Denne plikta kjem til å gå fram av eit nytt utpeikingsvedtak.

Avinor Flysikring er i dag pålagd å levere fleire samfunnskritiske fellestenester som ikkje utan vidare lèt seg dele opp og selje til lufthamner eller flysikringsleverandørar i ein marknad. Den plikta Avinor Flysikring kjem til å få til å overta flysikringsverksemnda ved driftsbrot hos nye leverandørar, er eit døme på ei oppgåve som ikkje utan vidare kan seljast og finansierast i ein marknad. Avinor Flysikring kan ikkje vinne anbodskonkurransar dersom selskapet har, og pliktar å rekne med, fleire kostnadstypar enn konkurrentane. Slike samfunnskritiske fellestenester må då finansierast på annan måte. For å sikre selskapet konkurransedyktige rammevilkår kan det derfor bli nødvendig å leggje fleire kostnadskomponentar inn i kostnadsbasen for undervegsavgifta og/eller terminalavgifta.

I dag blir det stilt krav om at flygeleiarar og AFIS-fullmektigar skal ha kunnskap i norsk. Det er grunn til å tru at kravet om norskkunnskapar kan avgrense interessa for å delta i konkurransen om flysikringstenester i Noreg hos utanlandske aktørar. Kravet reduserer òg mobiliteten i

marknaden for flygeleiarar og AFIS-betjentar. For å stimulere til effektiv konkurranse og opne for større mobilitet på arbeidsmarknaden vil Samferdsdeparterementet be Luftfartstilsynet om å vurdere om kravet kan modifierast.

3.6 Luftfartsstrategien til EU-kommisjonen

EU-kommisjonen la fram den nye luftfartsstrategien sin den 7. desember 2015. Strategien inneheld tiltak som skal styrkje konkurranseevna til luftfartsnæringa i Europa, gi betre flysamband for dei reisande, redusere kapasitetetsutfordringar ved europeiske lufthamner og fremje innovasjon. Strategien inneheld òg eit forslag til revisjon av regelverket for flytryggleik.

For Avinor er det relevant at EU-kommisjonen foreslår å evaluere direktiv 2009/12/EU om lufthamnavgifter. Kommisjonen er særleg oppteken av at europeiske lufthamner skal medverke til generell økonomisk vekst ved å tilby tilstrekkeleg kapasitet, høg kvalitet på tenestene og konkurransedyktige prisar både på den globale og på den europeiske marknaden.

Erfaringar viser at lufthamnene er ei viktigare årsak til forseinkingar enn flysiringstenestene. Kommisjonen vurderer derfor om arbeidet for å redusere forseinkingane i undervegsfasen bør erstattast av ei breiare tilnærming, der ein òg ser på drifta av lufthamnene.

Endeleg peiker kommisjonen på at det er viktig at EU gjer det som er mogleg for å hindre at lufthamner i land utanfor EU/EØS tek imot offentleg støtte som gir dei, og flyselskap som har stor aktivitet ved desse lufthamnene, ein urimeleg fordel i konkurransen med europeiske lufthamner og flyselskap. Kommisjonen meiner dette må sikrast dels gjennom dei luftfartsavtalane EU/EØS-landa inngår med dei aktuelle statane, og dels ved

revisjon av den eksisterande EU-lovgivinga som er retta mot aktiviteten til desse flyselskapa til, frå og innanfor den indre marknaden.

3.7 Forholdet til Forsvaret

Avinor har eit omfattande samarbeid med Forsvaret, både når det gjeld drifta av lufthamner, og når det gjeld bruken av luftrommet. Å levere flysiringstenester til Forsvaret er ein del av det samfunnsoppdraget Avinor har. Samarbeidet mellom Forsvaret og Avinor er elles regulert gjennom ein samarbeidsavtale frå 2011. Avtalen tek utgangspunkt i det leverandør- og kundeforholdet som eksisterer mellom partane.

Den plikta Avinor har til å levere til Forsvaret, inneber ikkje at tenestene skal vere gratis, men Forsvaret betaler i dag ikkje luftfartsavgifter som er forankra i regelverk – verken lufthamnavgifter eller flysiringavgifter. Regjeringa legg til grunn at Forsvaret skal betale Avinor for dei kostnadene selskapet blir påført ved å yte lufthamn- og flysiringstenester til Forsvaret.

Ved behandlinga av Prop. 73 S (2011–2012) *Et forsvar for vår tid*, jf. Innst. 388 S (2011–2012), gav Stortinget sitt samtykke til at hovudbasen for kampflya til Forsvaret skulle flyttast til Ørland flystasjon, og at Bodø hovudflystasjon skulle leggjast ned. Som ei følge av dette overtok Avinor ansvaret for flyplassdrifta ved Bodø lufthamn frå Forsvaret 1. august 2016. Avinor samarbeider med Forsvaret ved ytterlegare åtte Avinor-lufthamner (Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim, Andøya, Harstad/Narvik, Bardufoss og Lakselv) i tillegg til Bodø. Forsvaret og Avinor samarbeider òg på Ørland flystasjon, som er ei reint militær lufthamn, og ved Rygge lufthamn, som i dag berre har militær aktivitet.

4 Verksemnda til Avinor 2012–2016

Dette kapittelet orienterer først om verksemnda til Avinor i perioden 2012–2016 (avsnitt 4.1). Hovudvekta er lagd på dei siste åra. Kapittelet er skriva med utgangspunkt i Avinor sin *Plan for virksomheten 2016–2018* (§10-planen), jf. vedlegg 2, som blei lagd fram i april 2016, og årsrapportane frå selskapet. Til slutt i kapittelet følgjer Samferdselsdepartementet si vurdering av verksemnda til Avinor (avsnitt 4.2).

4.1 Verksemnda til Avinor 2012–2016

4.1.1 Flytryggleik og samfunnstryggleik

Flytryggleiken er generelt høg i norsk luftfart. I perioden 2012–2016 var det ingen ulykker med personskadar der Avinor medverka til at ulykka oppsto. Arbeidet med flytryggleik er ein integrert del av den kvalitetsstyringa Avinor gjennomfører. Avinor følgjer kontinuerleg opp tryggleiksnivået, og set i verk nødvendige tiltak. I 2014 fastsette EU-kommisjonen eit nytt felleseuropeisk regelverk for sertifisering, utforming og drift av lufthamner, jf. avsnitt 3.3. Alle lufthamnene til Avinor vil etter planen vere sertifiserte av Luftfartstilsynet etter det nye regelverket innan utgangen av 2017.

Avinor viser til at det er eit høgt tryggleiksnivå i verksemnda til selskapet. Avinor har òg omfattande beredskap i tilfelle uønskte hendingar likevel skulle oppstå. Det blir halde kurs, øvingar og samlingar internt, med flyselskap, nødetatar, Forsvaret, lokale styresmakter og andre samarbeidspartnarar. Avinor har etablert ei døgnkontinuerleg vaktordning med kriseleiarar som har særskild trening, kriserom med høveleg utstyr, robust kommunikasjonsutstyr og anna materiell. Avinor har stor merksemd knytt til risikoen for terrorhandlingar mot luftfarten. Vidare blir IKT-tryggleiken høgt prioritert både hos Avinor og hos dei IKT-leverandørane selskapet nyttar.

Avinor viser til at villare og våtare vêr som følgje av klimaendringane utgjer ein trussel med tanke på tilgang, punktlegheit og regularitet i luftfarten og kan òg skade den fysiske infrastrukturen. Ei rekkje tiltak for å bli mindre sårbare for

verknader av klimaendringar er gjennomførde i selskapet, mellom anna er det etablert nye kriterium for dimensjonering av kritisk infrastruktur. Avinor vurderer å etablere lågsiktsprosedyrar på fleire lufthamner i tillegg til Oslo og Stavanger for å handtere endra siktforhold. Luftrommet og rullebanene blir heile tida overvaka, både frå kontrollsentralane, frå tårna ved lufthamnene og ved friksjonsmålingar. Lufthamnene kan stengjast for kortare eller lengre periodar dersom vêr- og føreforhold skulle tilseie det.

Avinor deltek saman med mellom anna Bane NOR og Statens vegvesen i prosjektet Klima 2050. Dette er eit nytt senter for forskingsdriven innovasjon, som skal medverke til å utvikle nye løysingar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur. Avinor er også aktive i arbeidet med klimatilpassing i regi av den internasjonale samanslutninga av lufthamner (*Airport Council International – ACI*) og FN sin luftfartsorganisasjon ICAO.

4.1.2 Regularitet og punktlegheit

Den interne målsetjinga Avinor har for regularitet og punktlegheit, er høvesvis 98 pst. og 88 pst.¹ Vêrtilhøva spelar ei stor rolle for om ein når måla, i tillegg til samspelet mellom lufthamnene, flyselskapa og tenester knytte til lufthamnene. Punktlegheita ved Avinor sine lufthamner var 87,2 pst. i 2016. Det er ein nedgang frå 88,3 pst. i 2015. Regulariteten i 2016 var 98,6 pst., som er ei betring frå 98,1 pst. i 2015. Tabell 4.1 viser punktlegheita og regulariteten i åra 2012–2016.

4.1.3 Økonomi og finans

Utviklinga i resultatet for Avinor i femårsperioden 2012–2016 går fram av tabell 4.2. Konsernet hadde i perioden ein gjennomsnittleg årleg vekst i driftsinntektene på 4,2 pst. Trafikkinntektene hadde ein gjennomsnittleg årleg vekst på 2,0 pst.,

¹ Regularitet er eit mål for kor stor del av dei planlagde flygingane som faktisk blir gjennomførde. Punktlegheit er eit mål for om avgangen blir gjennomført seinast 15 minutt etter den oppsette avgangstida.

Tabell 4.1 Punktlegheit og regularitet ved Avinor sine lufthamner 2012–2016. Prosent.

	2012	2013	2014	2015	2016
Punktlegheit	87,0	85,7	89,6	88,3	87,2
Regularitet	98,4	98,1	98,9	98,1	98,6

mens sals- og leigeinntekter frå den kommersielle verksemda hadde ein gjennomsnittleg årleg vekst på 6,5 pst. I 2016 utgjorde sals- og leigeinntekter 52 pst. av dei samla driftsinntektene til konsernet. Driftsinntektene frå lufthamnverksemda utgjorde om lag 90 pst. av driftsinntektene til konsernet. Årsaka til nedgangen i driftsinntektene per passasjer frå 2015 til 2016 var lågare trafikkinntekter, som igjen heng saman med lågare luftfartsavgifter, jf. avsnitt 4.1.4 nedanfor.

Samla driftskostnader (før av- og nedskrivningar) auka i gjennomsnitt med 3,8 pst. per år i perioden 2012–2016. Avinor rapporterer at moderniseringsprogrammet til konsernet nådde målet om 300 mill. kr i effektivisering og innsparing av kostnader med god margin i 2016. Moderniseringsprogrammet er omtalt i avsnitt 5.3.

Som følge av mange ferdigstilte investeringar hadde av- og nedskrivningar ein gjennomsnittleg årleg vekst på 7,2 pst. i perioden 2012–2016.

Resultatet for konsernet i 2014 var positivt påverka av ei planendring i pensjonsordninga til konsernet på 448 mill. kr, og resultatet i 2015 var positivt påverka av gevinst ved sal av eigedom på 1 266 mill. kr.

Resultatet for konsernet etter skatt utgjorde 1 029 mill. kr i 2016, som gjev ei avkastning på investert kapital etter skatt på 4,0 pst.

4.1.4 Luftfartsavgiftene

Figur 4.1 viser utviklinga i lufthamnavgiftene ved lufthamnene ved dei nordiske hovudstadene for ein vanleg flytype brukt på europeiske ruter (Boeing 737–800) i perioden 2011–2016. Figuren viser at Avinor har hatt ein reduksjon i avgiftene, og at avgiftene ved Oslo lufthamn er mellom dei lågaste i Norden. Flypassasjeravgifta er ikkje ein del av lufthamnavgiftene.

Figur 4.2 viser avgiftssatsen for undervegsavgifta i europeiske land. Figuren viser at avgifta i norsk luftrum er mellom dei lågaste i Europa.

4.1.5 Investeringsprosjekt og initiativ

Sidan den førre eigarmeldinga blei lagd fram har Avinor starta opp fleire store investeringar og initiativ, mens andre investeringsprosjekt er blitt avslutta. Avinor har mellom anna gjennomført fleire store investeringar ved lufthamnene i Stavanger, Trondheim, Molde, Kristiansand, Kristiansund og Ålesund. Avinor viser til at bygginga av nye terminalar ved Oslo lufthamn og Bergen lufthamn, med investeringsrammer på høvesvis 14 mrd. kr og 4,7 mrd. kr, følgjer planane både når det gjeld framdrift og økonomi. Begge prosjekta kjem til å bli slutførde i samsvar med planane i 2017.

På dei største lufthamnene har automatisering av tenester – til dømes gjennom auka bruk av innsjekkingsautomatar, sjølvbetent bagasjeinnlevering og sjølvbetente sluser – gitt stadig betre gjennomstrøyming av passasjerar og kortare ventetider. For å redusere belastninga ved tryggleikskontrollane har Avinor investert i nye og utvida sluser på lufthamnene i Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim, Ålesund og Bodø, og det blir gjennomført ei systematisk opplæring av medarbeidarane.

Ei forsøksordning med forenkla transfer (*Domestic Transfer*) blei sett i gang ved Oslo lufthamn i september 2015 for passasjerar frå utlandet som skal reise vidare innanlands. Forenkla transfer inneber at passasjerar frå utlandet, som skal reise vidare innanlands, unngår ny innsjeking og ny tryggleikskontroll. Ordninga er i tråd med den politiske plattformen til regjeringa. Forsøket skal vare i tre år, og ei evaluering skal vere ferdig seinast seks månader etter at forsøksperioden er omme.


Avinor sette i gang eit moderniseringsprogram tidleg i 2014. Målsetjinga er å modernisere verksemda, effektivisere drifta, synleggjere luftfarten, og redusere veksten i driftskostnader. Programmet gjeld heile verksemda til Avinor, frå stab og faglege støttefunksjonar til lufthamndrift og flysikring.

I juni 2014 blei flysikringsdivisjonen i Avinor skild ut som eit eige dotterselskap innanfor Avinor AS. Utskiljinga blei gjennomført for å tilpasse fly-

Tabell 4.2 Nøkkeltal frå rekneskapane 2012–2016 for Avinor-konsernet.

						Snitt/år
Millionar kroner ¹	2012	2013	2014	2015	2016	2012–16
Trafikkinntekter	4 756	5 027	5 300	5 248	5 143	2,0 %
Sals- og leigeinntekter	4 375	4 939	5 365	5 464	5 637	6,5 %
Andre driftsinntekter	22	12	7	1 278	8	
Sum driftsinntekter	9 152	9 978	10 671	11 989	10 788	4,2 %
Varekostnader	-143	-169	-199	-272	-394	
Lønn- og personalkostnader	-3 173	-3 406	-2 980	-3 467	-3 326	1,2 %
Andre driftskostnader	-2 919	-3 409	-3 842	-3 516	-3 566	5,1 %
Andre kostnader	-20	0	-6	-43	19	
Sum driftskostnader	-6 254	-6 985	-7 026	-7 298	-7 267	3,8 %
Res. før av- og nedskrivningar (EBITDA)	2 898	2 993	3 646	4 692	3 521	5,0 %
EBITDA-margin ²	31,7 %	30,0 %	34,2 %	31,9 %	32,6 %	
Av- og nedskrivningar	-1 336	-1 374	-1 340	-1 459	-1 763	7,2 %
Driftsresultat (EBIT)	1 562	1 620	2 305	3 233	1 758	3,0 %
Netto finansresultat	-356	-346	-369	-329	-384	1,9 %
Skattekostnad	-352	-383	-538	-455	-346	
Årsresultat	855	891	1 399	2 449	1 029	4,7 %
Utbyte til staten	-463	-445	-500	-500	-550	4,4 %
Eigenkapital	10 357	11 969	12 223	14 832	14 937	9,6 %
Netto rentebærende gjeld ³	10 002	12 186	14 333	16 300	18 556	16,7 %
Sum egedelar	28 109	29 911	33 737	38 785	41 037	9,9 %
Eigenkapitalprosent	36,8 %	40,0 %	36,2 %	38,2 %	36,4 %	
Eigenkap./ (eigenkap.+netto renteb.gjeld)	50,9 %	49,6 %	46,0 %	47,6 %	44,6 %	
Netto rentebærende gjeld/EBITDA ²	3,5	4,1	3,9	4,8	5,3	
Eigenkap./ (eigenkap.+langsiktig renteb. gjeld) ⁴	51,0 %	52,1 %	46,7 %	46,5 %	46,0 %	
Avkastn. invest. kap. etter skatt ²	5,5 %	5,0 %	6,4 %	4,9 %	4,0 %	
Avkastning på egenkapital	8,2 %	8,0 %	11,6 %	18,1 %	6,9 %	
Passasjertal, 1000	46 511	48 799	50 107	50 025	50 803	2,2 %
Driftsinntekt per passasjer ²	kr 197	kr 204	kr 213	kr 214	kr 212	1,9 %
Driftskostnad per passasjer	kr 134	kr 143	kr 140	kr 146	kr 143	1,6 %
Driftskostn. % driftsinnt. ²	68 %	70 %	66 %	68 %	67 %	

¹ Summar kan avvike på grunn av avrundingar.² Salsgevinst av eigedom i 2015 er ikkje teken omsyn til.³ Sum renteberande gjeld justert for verkeleg verdi av finansielle sikringsinstrument fråtrekt bankinnskot.⁴ Eigenkapitalandel som definert i § 11 i vedtektene.



Figur 4.1 Utvikling i lufthamnavgifter for ein Boeing 737–800 ved lufthamnene ved dei nordiske hovudstadene 2011–2017.


sikringstenesta til aukande internasjonal deregulering og konkurranse.

I 2015 inngjekk Avinor ein avtale med Kongsberg Defence Systems om ei omfattande satsing på fjernstyrte tårn. Eit tårnsenter er under etablering i Bodø og skal stå ferdig i 2017. Avinor har testa ut fjernstyrte tårn ved Røst lufthamn og Værøy helikopterhamn sidan 2012.

Frå januar 2016 blei Oslo lufthamn den første store internasjonale lufthamna i verda med faste

leveransar av biodrivstoff for fly. Av drivstoffet som blir levert på Oslo lufthamn er 0,2 pst. biodrivstoff. Drivstoffet er sertifisert for bruk i sivil luftfart og tilfredsstillar EU sine krav til berekraft. Ifølgje Avinor inneheld det ikkje palmeolje eller palmeoljeprodukt og fortregner ikkje matvareproduksjon eller regnskog.

Avinor samarbeider med norske næringslivsaktørar om å utvikle sjølvkøyrande brøytekøretøy til bruk på lufthamner og andre lukka område.



Figur 4.2 Undervegsavgifta i Europa i 2017. Einingsprisar i Euro.

Kjelde: Eurocontrol

Avinor vil også ta aktivt del i eit arbeid for å leggje til rette for bruk av elektriske fly i norsk innanlandstrafikk (jf. avsnitt 5.7).

4.1.6 Samfunnsansvar

Avinor har dokumentert arbeidet med samfunnsansvar i årlege rapportar. Frå 2015 gir selskapet ut ein samla års- og samfunnsansvarsrapport. Selskapet sitt arbeid med samfunnsansvar byggjer på OECD sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv og på dei forventingane som blir stilte til samfunnsansvar i vedtektene til Avinor og i rekneskapslova. Avinor slutta seg i 2014 til *UN Global Compact*² og rapporterer i tråd med prinsippa i *Global Reporting Initiative (G4)*³. Avinor sitt arbeid med samfunnsansvar går mellom anna ut på å sikre menneskerettar, arbeidstakarrettar og sosiale forhold, ta vare på det ytre miljøet og arbeide mot korrupsjon. Det arbeidet selskapet gjer med tanke på det ytre miljøet, er omtalt i avsnitt 4.1.7 nedanfor. Avinor har nulltoleranse når det gjeld diskriminering med bakgrunn i kjønn, etnisitet, religion, nedsett funksjonsevne, politisk syn, medlemskap i arbeidstakarorganisasjonar, seksuell orientering eller alder. I 2016 tok selskapet i bruk ein strategi for inkludering og likestilling med konkrete aktivitetar knytte til kjønn, alder, etnisitet og funksjonshindring. Arbeidstakarorganisasjonane, vernetenesta og medarbeidarane er involverte i omstillingar som følgjer av moderniseringsprogrammet.

Avinor har nulltoleranse for korrupsjon. Konsernstyret har fastsett etiske retningslinjer som gjeld for styret og dei tilsette. Over 90 pst. av alle tilsette har vore på kurs om dei etiske retningslinjene, som mellom anna forbyr korrupsjon, «smøring» og konkurransehindrande åtferd i strid med konkurransereglane. Eit utval behandlar varsel om kritikkverdige forhold i Avinor. Dette gjeld også varsel frå eksterne aktørar. Eit advokatkontor fungerer som eksternt varslingsmottak og tek imot og vidareformidlar anonyme varsel.

Avinor sitt arbeid knytt til samfunnsansvar omfattar òg leverandørane til selskapet. I 2015 innførde selskapet eit sett med avtalevilkår som skal sikre at dei leverandørane Avinor gjer avtalar

med, har etiske retningslinjer og tek samfunnsansvaret på alvor. Vilkåra slår fast dei prinsippa Avinor skal følgje når det gjeld menneskerettar, arbeidsstandardar, HMS, klima og miljø, og forboten forretningspraksis. Føresegnene i avtalane gir høve til revisjon av leverandøren, og vesentlege brot på vilkåra gir Avinor høve til å heve alle gjeldande avtalar med leverandøren så framti krittikkverdige forhold ikkje blir retta opp.

4.1.7 Det ytre miljøet

Avinor har som mål å redusere eigen miljøpåverknad og å vere ei drivkraft i arbeidet for å redusere den negative påverknaden luftfarten har på det ytre miljøet. Klimagassutsleppa frå Avinor si eiga verksemd er blitt reduserte med i underkant av 4 000 tonn CO₂-ekvivalentar frå 2012 til 2016 sjølv om aktiviteten har auka monaleg. Dette er ein reduksjon på om lag 18 pst. Reduksjonen heng i stor grad saman med ein reduksjon av klimagassutslepp frå norsk produksjon og import/eksport av elektrisk kraft. Avinor kjøper FN-godkjende utsleppsrettar tilsvarande kontrollerbare klimagassutslepp frå eige verksemd. I perioden 2012–2016, blei det kjøpt 17 200–21 000 klimakvotar per år. Ein klimakvote kompenserer for eit tonn CO₂. Truleg vil selskapet kjøpe mellom 70 000 og 80 000 kvotar dei neste fire åra.

Avinor samarbeider med flyselskapa og NHO Luftfart for å redusere klimagassutsleppa frå luftfarten. Den første flyginga i Noreg med biodrivstoff innblanda i flydrivstoffet blei gjennomført i 2014. I januar 2016 blei Oslo lufthamn den første internasjonale lufthamna i verda som tilbyr jet biodrivstoff til alle flyselskap på kommersiell basis. En del (0,2 pst.) biodrivstoff blir blanda inn i det sentrale tankanlegget og blir distribuert i den eksisterande infrastrukturen.

Avinor avdekte i 2010 forureining i grunnen av PFAS, eit fluorhaldig stoff som har vore brukt som tilsetjingsstoff i brannskum. Miljødirektoratet har gitt pålegg om at det må utarbeidast tiltaksplanar for PFAS-forureina område ved fleire lufthamner. Avinor bruker ressursar på å få oversikt over omfanget av forureiningane og gjennomføre nødvendige oppryddingstiltak.

Avinor har sett i verk ENØK-prosjekt ved fleire lufthamner, og det blir satsa på fornybare energikjelder og energieffektive køyretøy. Energieffektivitet og miljøomsyn blir tillagt vekt i utbyggingsprosjekt. Det biologiske mangfaldet ved Avinor sine lufthamner er kartlagt, og kvar lufthamn har fått skjøtselsråd for å ta vare på eller betre naturverdiane.

² Tilslutning til FN sin *Global Compact* inneber at bedrifta må gjere sitt beste for å drive verksemda i tråd med ti prinsipp på områda menneskerettar, arbeidslivsstandardar, miljø og antikorrupsjon.

³ *Global Reporting Initiative* er ein internasjonal og uavhengig organisasjon som utviklar standardar for korleis organisasjonar, styresmakter, næringsliv mfl. bør rapportere om arbeidet med samfunnsansvar.

Alle lufthamner der Avinor har kartleggingsansvar, har oppdaterte flystøysonekart. For off-shoretransport er det teke i bruk meir støyande helikoptertypar, og det har ført til auka støybelasting ved mellom anna lufthamnene i Stavanger og Bergen. Avinor samarbeider med lokale styresmakter, oljeselskap og helikopterselskap om desse utfordringane.

4.2 Samferdselsdepartementet sine vurderingar

Det er god kvalitet på det norske lufthamnettet og på dei flysikringstenestene som Avinor leverer. Avinor når si interne målsetjing for regularitet, mens punktlegheita har gått noko ned frå 2015 til 2016 og ligg under målsetjinga. Departementet føreset at Avinor vil arbeide for at målet for punktlegheita blir nådd i tida framover. Avinor har bidrege til at flytryggleiksnivået i norsk luftfart er høgt og beredskapen god.

Trafikkutviklinga ved Avinor sine lufthamner har vore svakare i den siste delen av perioden enn den ein opplevde tidlegare. Selskapet har likevel lykkast i å halde kostnadene nede og inntektene oppe, noko som har gjort det mogleg å halde både lufthamnavgiftene og undervegsavgifta på eit lågt nivå i internasjonal samanheng. Det er òg positivt at dei to store investeringsprosjekta som er i ferd

med å bli avslutta ved Oslo lufthamn og Bergen lufthamn, blir slutførte i samsvar med planane både når det gjeld budsjett og tidspunkt for ferdigstilling.

I 2014 lanserte Avinor eit effektiviseringsprogram frå og med 2015, der målet er å redusere dei årlege driftskostnadene med 600 mill. kr frå og med 2018. Selskapet nådde måla for 2015 og 2016. Departementet vil understreke at det er viktig at Avinor har stor merksemd retta mot kostnader og effektivisering. Det er ei målsetjing for staten som eigar at dei sektorpolitiske måla for selskapet blir nådde på ein kostnadseffektiv måte.

Departementet har merka seg det arbeidet Avinor gjer på området for samfunnsansvaret, og vil særleg trekkje fram antikorrupsjonsarbeidet og arbeidet på miljø- og klimaområdet. Departementet merkar seg at Oslo lufthamn no leverer biodrivstoff som ikkje inneheld palmeolje og ikkje fortrengrer matvareproduksjon eller regnskog, til alle flygingar.

Det er også positivt at Avinor satsar på forskning, utvikling og innovasjon, slik at statens mål for selskapet (samfunnsoppdraget) kan bli nådd meir effektivt på lang sikt. Departementet har også merka seg rapportertinga om lønn og godtgjersler til dei leiande tilsette, og dessuten arbeidet som blir gjort for å utvikle organisasjonen og fremje likestilling og mangfald.

5 Avinor sine planar og strategiar

Dette kapittelet orienterer om sentrale delar av Avinor sine planar og strategiar for dei nærmaste åra. Kapittelet er skriva med utgangspunkt i § 10-planen til selskapet, som følgjer i vedlegg 2, og ut frå oppdatert informasjon frå Avinor. Kapittelet inkluderer òg ein kort presentasjon av Avinor sitt innspel til Nasjonal transportplan 2018–2029. Korleis Samferdselsdepartementet vurderer planane og strategiane til Avinor, er presentert i kapittel 6.

5.1 Flytryggleik og samfunnstryggleik

Avinor viser til at tryggleiksnivået i norsk luftfart er høgt. Det gjeld både flytryggleiken og samfunnstryggleiken, medrekna beredskap for å møte verknadene av klimaendringar, jf. avsnitt 4.1.1. Avinor vil vidareføre arbeid som allereie er sett i gang, og gjere sitt for at tryggleiks- og beredskapsnivået i luftfarten framleis skal vere høgt.

5.2 Trafikkutvikling og økonomi

Framtidig trafikkvekst er usikker. Avinor sine prognosar for framtidig trafikkvekst er viste i figur 3.1. Som følgje av trafikkutviklinga i den seinare tida, innføring av flypassasjeravgifta og forventingar om moderat aktivitet i norsk økonomi generelt og i offshorenæringa spesielt, meiner Avinor at det også i dei nærmaste åra blir ein moderat trafikkvekst, sjølv om Avinor ventar at veksten kjem til å ta seg noko opp. I perioden 2017–2022 ser selskapet for seg ein høgare trafikkvekst enn i dei siste to-tre åra, men vesentleg lågare enn i åra før finanskrisa. Avinor ventar at innanlandstrafikken kjem til å vekse mindre enn utanlandstrafikken. Den største veksten blir rekna med å kome ved Oslo lufthamn.

Den økonomiske utviklinga i Avinor heng nøye saman med trafikkutviklinga. Høg trafikkvekst gjer at dei kommersielle inntektene og inntektene frå lufthamn- og flysikringsavgiftene aukar, men det gjer òg driftskostnadene og behova for investeringar. Trafikkutviklinga,

utviklinga i luftfartsavgiftene og rammer for og utvikling av dei kommersielle inntektene utgjer samstundes risikomoment i dei finansielle prognosane til selskapet.

5.2.1 Resultatutvikling

Basert på trafikkprognosane som er presenterte i avsnitt 3.1, forventar Avinor ein fortsatt auke i netto driftsinntekter i perioden 2017–2022. I 2017 blir det ferdigstilt nye terminalar både ved Oslo lufthamn og ved Bergen lufthamn. Avinor ventar at dei nye terminalane skal gi eit positivt bidrag til inntektene til selskapet. Avinor legg opp til å ha konkurransedyktige vilkår overfor flyselskapa og brukarane av norsk luftrom også i tida framover.

Avinor vil vidareføre arbeidet med kostnadseffektivisering og forventar at driftskostnaden per passasjer blir redusert dei kommande åra.

5.2.2 Investeringar

Investeringar i perioden 2017–2022

Nye terminalar ved Oslo lufthamn og Bergen lufthamn kjem til å stå ferdige i 2017, men investeringskostnadene i samband med dei to prosjekta er høge også i 2017. Avinor viser til at det blir behov for auka kapasitet ved Oslo lufthamn for å handtere trafikken ut og inn av Schengen-området når den nye terminalen er ferdig. Terminalkapasiteten ved Stavanger lufthamn blir stadig utvida, og arbeidet er planlagt ferdigstilt i 2018. Avinor viser vidare til at det er behov for utviding av kapasiteten ved Trondheim lufthamn i nær framtid, og Avinor har òg planar om å utvide terminalen ved Tromsø lufthamn med oppstart i 2018.

Flysikringstenesta skal investere i ny systemplattform for undervegstenesta, bygd på funksjonalitetskrav sette av EU. Krava er ein del av *Single European Sky*-regelverket for mellom anna flysikringsaktørane og brukarane av luftrommet. Investeringa skal leggje til rette for at Avinor kan nå ei langsiktig målsetjing om å halvere einingskostnadene for undervegstenesta. Vidare investerer Avinor i tårntenestene ved at fjernstyrd

tårnteknologi og ei nødvendig oppgradering av overvåkings- og kommunikasjonsutstyret blir gjennomført i den kommande femårsperioden.

Avinor Flysikring og Oslo lufthamn er omfatta av krav frå EU om å ta i bruk ny flysikringsteknologi. Avinor har ikkje tilgang til dei mekanismane som er etablert i EU for å finansiere slik teknologi. Dette inneber ifølgje Avinor ei konkurranseulempe for selskapet. Europeiske konkurrentar, som Swedavia, LFV, Finavia og NATEN, får ifølgje Avinor delfinansiert investeringane sine i ny flysikringsteknologi og teknologiutvikling, til dømes når det gjeld fjernstyrte tårn.

Investeringsbehovet på lengre sikt

I *Grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2018–2029*, som Avinor la fram våren 2016 saman med Jernbaneverket, Kystverket og Statens vegvesen, blir det meir langsiktige investeringsbehovet i transportsektorane presentert. Her viser Avinor og transportetatane til at Oslo lufthamn kjem til å nå kapasitetsgrensa kring 2030. Om lag ved dette tidspunktet meiner etatane og Avinor at det blir behov for ei tredje rullebane. Etatane og Avinor meiner prosjektet er lønnsamt både bedriftsøkonomisk og samfunnsøkonomisk, og at det vil gi positive ringverknader for regionen og landet.

I *Grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2018–2029* trekkjer transportetatane og Avinor dessutan fram flyttinga av Bodø lufthamn som ei viktig sak. Avinor har vidare søkt Samferdselsdepartementet om konsesjon for å byggje ei ny lufthamn ved Mo i Rana. Det blir vist til Meld. St. 33 (2016–2017) for ein gjennomgang av desse sakene.

5.3 Moderniseringsprogrammet til Avinor

Moderniseringsprogrammet blei sett i gang i 2014. Målet er ifølgje Avinor å redusere dei årlege driftskostnadene, modernisere verksemnda, effektivisere drifta, synleggjere luftfarten og redusere veksten i driftskostnadene. Avinor meiner at dette er nødvendig for å sikre at selskapet blir i stand til å løyse samfunnsoppdraget innanfor ei sjølvfinansierande ramme. Avinor skal nå målet ved mellom anna å ta i bruk ny teknologi og gjennomføre automatisering, gjennom konkurranseutsetjing og ved å utnytte stordriftsfordelar i lufthamndrifta på ein

betre måte. Moderniseringsprogrammet skal redusere dei årlege driftskostnadene frå og med 2018 med 600 mill. kr i forhold til det Avinor tidlegare rekna med at kostnadene for dette året ville bli. Måla for 2015 og 2016, på høvesvis 150 mill. kr og 300 mill. kr, blei nådde. For 2017 er målet 450 mill. kr, slik at den samla kostnadsreduksjonen for åra 2015–2018 kan bli på i alt 1,5 mrd. kr.

5.4 Utvikling i rutenettet

Oslo lufthamn er ein dominerande bidragsytar til Avinor sine inntekter, den viktigaste porten mot utlandet for dei fleste og eit viktig nav i lufthamnnettet innanlands. Avinor ønskjer å vidareutvikle Oslo lufthamn som eit nasjonalt og internasjonalt knutepunkt, med samanhengande rutenett mellom innland og utland.

Interkontinentale ruter er eit viktig vekstområde, og Oslo lufthamn konkurrerer med andre nordiske lufthamner om å tiltrekkje seg ruter og utvikle eit sterkt knutepunkt. Avinor peiker på at Noreg ikkje er omfatta av luftfartsavtalar som EU forhandlar fram med land utanfor EØS-området, og meiner at staten derfor bør prioritere å forhandle fram slike avtalar for Noreg.

Fleire interkontinentale ruter vil òg kunne gi meir flyfrakt direkte inn og ut av Noreg, betre utnytting av lastekapasiteten til flya og betre tilgang til fleire marknader for norske eksportørar. Avinor meiner at det er eit stort potensial for meir flyfrakt frå Oslo lufthamn. Det gjeld særleg frakt av norsk sjømat. Sjømat kan fraktast i flybuken og kombinerast med passasjertransport, og såleis auke inntektene til flyelskapa utan at kostnadene aukar tilsvarende. Dette vil gjere noverande og nye ruter meir lønnsame for flyelskapa. Saman med sjømateksportørane arbeider Avinor for å etablere ein ny sjømatterminal ved Oslo lufthamn for på ein betre måte å leggje til rette for frakt av norsk fisk med fly til marknader i utlandet.

Avinor arbeider for å utvikle rutetilbodet til utlandet frå fleire lufthamner enn Oslo lufthamn. Avinor meiner at det er viktig med direkteruter til utlandet for å styrkje konkurransekrafta i Noreg og regionane. Utvikling av utanlandsruter blir gjort i eit tett samarbeid med regionale aktørar gjennom ruteutviklingsforum, der alle dei store private og offentlege aktørane er representerte. Aktørane utarbeider felles mål- og strategiplanar som ligg til grunn for utviklinga av flyruter.

Boks 5.1 Avinor sine bonusordningar og kommersielle rabattar

Avinor kan gi bonus og rabattar ut frå kommersielle vurderingar så lenge dei er i tråd med regelverket om statsstøtte. Selskapet har eit bonus- og rabattsystem som i hovudsak omfattar passasjertrafikk, og frå 2017 også eit rabattsystem for flyfrakt.

Bonusprogrammet for passasjertrafikken gir flyselskapa ein bonus for nye passasjerar frå eitt år til det neste. Grunnlaget for rabattane er talet på passasjerar som reiser frå ei Avinor-lufthamn. I 2017 er bonusen 54 kr for alle nye passasjerar på interkontinentale flygingar, 25 kr per nye passasjer på flygingar til andre destinasjonar i utlandet og 12,50 kr per nye passasjer på innanlands flygingar.

Ordninga omfattar alle lufthamnene i Avinor. Total bonusutbetaling blir utrekna på grunnlag av passasjerveksten frå eit år til det neste for alle lufthamner samla, og blir så fordelt mellom grupper av flyselskap, avhengig av kor stor del av passasjerveksten kvar gruppe hadde det aktuelle året. Det er graden av felles eigarskap som avgjer om to selskap høyrer til same gruppe. Ein passasjer som går over frå å bruke eitt selskap til å bruke eit anna innanfor den same gruppa, gir ikkje grunnlag for bonusutbetaling.

Utbetalingane knytte til dette bonusprogrammet var på noko over åtte mill. kr i 2016. Det til-

svara 0,63 pst. av inntekta frå passasjeravgifta same år.

I tillegg har Avinor ei ordning med rabattar for flyselskap som etablerer nye direkteruter til utlandet frå ei av lufthamnene i Avinor. Ordninga reduserer den økonomiske risikoen for flyselskapa ved å etablere nye ruter. Ei ny direkterute i denne samanhengen er ei heilårsrute med minst to avgangar i veka mellom to destinasjonar der det ikkje allereie eksisterer ei heilårs direkterute med minst ein avgang i veka. For interkontinentale ruter er ei ny direkterute definert som ei ny rute med minimum 21 årlege avgangar frå ei Avinor-lufthamn til ein interkontinental destinasjon der ikkje andre flyselskap allereie opererer med 21 eller fleire avgangar per år. Det blir ikkje gitt rabatt for flygingar om natta (24:00–06:00). Dersom fleire flyselskap etablerer like ruter innanfor ein rabattperiode, vil dei kunne få den same rabatten som blir gitt til det flyselskapet som etablerte ruta fyrst. Karensperiodar for flyselskap som har fått oppstartstønad til ei rute som seinare blir lagd ned, blir vurdert i kvart einskild tilfelle.

Tabell 5.1 viser den maksimale rabatten i prosent av start- og passasjeravgifta på interkontinentale og europeiske ruter, og korleis rabatten blir trappa ned.

Tabell 5.1 Maksimal oppstartrabatt i prosent av start- og passasjeravgifta.

	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5
Interkontinentale ruter					
Startavgift	100	90	80	40	20
Passasjeravgift	90	70	50	30	20
Ruter i Europa					
Startavgift	100	75	50		
Passasjeravgift	40	30	20		

55 ruter får i dag stønad gjennom rabattar i start- og/eller passasjeravgifta. Dette er ein liten del av rutene på lufthamnene i Avinor. Utbetalingane knytte til oppstartsrabattane var noko over åtte mill. kr i 2016. Av rutene som får slike rabattar, er 80 pst. på det regionale nettverket.

Avinor har også ein oppstartsrabatt for ruter for flyfrakt. Denne rabatten er basert på det same prinsippet som rabatten for passasjertrafikken, men med reduserte satsar.

5.5 Private aktørar ved Avinor sine lufthamner

Private aktørar står for ein vesentleg del av aktiviteten ved Avinor sine lufthamner. I hovudsak blir både tryggleikskontrollane, reinhaldet, varehandelen og flyverksemda utført av private. Ved årsskiftet 2013–2014 var berre 11 pst. av dei sysselsette ved Avinor sine lufthamner tilsette i Avinor. I samband med at Avinor tok over driftsansvaret for Bodø lufthamn frå Forsvaret frå 1. august 2016, valde Avinor for første gong ein driftsmodell som inneber at brann- og redningstenester, plasstenester og elektrottenester på flysida blir utført av andre enn Avinor sjølv.

Avinor vil også i tida framover leggje til rette for meir omfattande bruk av private aktørar gjennom konkurranseutsetjing når dette gir ein effektiviseringsgevinst, samstundes som tryggleik, kvalitet og HMS blir sikra på eit tilfredsstillande nivå. Avinor greier ut fleire alternative driftsformer i samband med moderniseringsprogrammet til selskapet.

5.6 Utvikling av kommersiell verksemd

5.6.1 Kommersiell verksemd ved lufthamnene

Inntektene til Avinor er dels inntekter frå luftfartsavgifter som flyselskapa betaler, dels kommersielle inntekter. Av dei kommersielle inntektene er inntekter frå utleige av areal til butikkar som sel avgiftsfrie varer, andre butikkar, serveringsstader og parkering dominerande. Avinor legg til grunn at passasjerane er opptekne av at det er gode kommersielle tilbod på lufthamnene, og viser til at dei kommersielle inntektene medverkar til å halde avgiftene lågare enn dei elles ville ha vore. Dei kommersielle inntektene til Avinor har auka i dei siste åra som prosentdel av dei totale inntektene, og denne trenden ventar Avinor kjem til å halde fram. I 2016 utgjorde dei kommersielle inntektene 50 pst. av dei samla inntektene. Av dette utgjorde sal av avgiftsfrie varer ca. 49 pst. Av inntektene frå dei avgiftsfrie varene stamma 35 pst. frå sal av alkohol og 25 pst. frå sal av tobakk. Dei resterande 40 pst. skriv seg frå sal av parfyme, sjokolade med meir. Sal av avgiftsfrie varer bidrar dermed i vesentleg grad til finansieringa av Avinor sitt landsdekkande nett av lufthamner.

5.6.2 Strategisk eigedomsutvikling

Avinor viser til at det internasjonalt er ein trend at lufthamner utviklar seg som handels-, nærings- og opplevingssenter, både i terminalen og på områda i nærleiken. Avinor ønskjer å leggje til rette for ei tilsvarende utvikling ved dei største lufthamnene i Noreg og vil utvikle dei eigedommane som er relativt uvesentlege for kjernedrifta til selskapet. Avinor vil leggje til rette for eit samarbeid om dette med lokale og/eller private aktørar.

5.6.3 Nye marknader og internasjonalisering

Avinor viser til at marknaden for tenester innanfor lufthamn- og flysikringsverksemd er i sterk utvikling. Nasjonale og internasjonale aktørar konkurrerer om oppdrag, og Avinor ønskjer å opptre både som kunde og leverandør i denne marknaden. Avinor meiner at konkurranse kan auke produktiviteten og effektiviteten i selskapet, auke inntektene og redusere kostnadene. Avinor har gjennom mange år hatt gode erfaringar som kunde på ein konkurranseutsett marknad, og vil leggje til rette for å auke omfanget av konkurranse når det gir ein positiv effekt for selskapet og norsk luftfart.

Avinors erfaringar som leverandør er meir avgrensa, men selskapet ønskjer no å vurdere å utvikle eit internasjonalt engasjement når det gjeld konsulenttenester på lufthamnområdet, og eventuelt også delta i konkurransar om driftsoppdrag eller kommersielle avtalar. På flysikringsområdet har eigaren allereie opna for at Avinor skal kunne delta i konkurransar om konsulentbistand internasjonalt innanfor kjerneverksemda.

5.7 Miljøarbeidet til Avinor

Det konsernovergripande målet for Avinor når det gjeld miljø, er å betre eigen prestasjon på feltet og vere ei drivkraft i miljøarbeidet i luftfarten. Avinor har som mål i perioden 2012–2020 å halvere dei klimagassutsleppa konsernet sjølv kontrollerer, uavhengig av trafikkveksten. Mange av dei viktigaste tiltaka er retta mot køyretøyparken, medrekna innfasing av biodrivstoff for tunge køyretøy, og energieffektivisering. Arbeidet med å redusere klimagassutsleppa frå luftfarten, også utslepp som er utanfor selskapet sin direkte kontroll, vil også i tida framover ha høg prioritet i Avinor. Det er særleg to tiltak som ifølgje Avinor kan medverke til å redusere utsleppa frå luftfartsnæ-

ringa vesentleg: innfasing av biojetdrivstoff og fornying av flyflåten. Avinor vil medverke med 100 mill. kr gjennom ein tiårsperiode til utvikling og tiltak som kan gi industriell produksjon av biojetdrivstoff i Noreg. Leveransen av biojetdrivstoff til alle fly som tankar ved Oslo lufthamn, kjem til å halde fram, og Avinor vurderer å utvide tilbodet til andre lufthamner.

Avinor viser til at utvikling av elektriske fly for privat bruk har gått for seg ei stund. Parallelt med at bilindustrien har kome langt i utviklinga av elektriske bilar, har interessa og aktiviteten i aukande grad retta seg mot moglegheita for å nytte elektriske fly i den kommersielle luftfarten. Ei rekkje aktørar, mellom dei Siemens, NASA, Airbus og Boeing, arbeider no med elfly-prosjekt. Det heilelektriske og oppladbare Airbus E-Fan-flyet flaug over Den engelske kanal sommaren 2015.

Avinor er saman med Norges Luftsportforbund (NLF) i ferd med å etablere eit langsiktig prosjekt for å ta i bruk elektriske fly i norsk luftfart. Avinor meiner å ha ein infrastruktur som er godt eigna for analysar og testing av elektriske fly. Saman med andre aktørar vil Avinor vurdere framtidssutsikter og utfordringar, med mål om å leggje til rette for denne typen fly på norske innanriksruter i dei neste 10–15 åra. Saman med NLF vil Avinor ta kontakt med aktuelle flyselskap og industrielle aktørar som vil bli inviterte inn i prosjektet.

Avinor har som mål å utvikle tiltak som kan redusere støybelastninga kring lufthamnene. Dette oppnår ein allereie i stor grad når det gjeld ordinære rutefly, der flyprodusentane har gjort store framsteg, men det har vore ein vesentleg auke i støybelastninga frå helikoptertrafikken fordi operatørane har teke i bruk nye og tyngre helikopter. Det gjeld særleg ved lufthamnene i Bergen og Stavanger, men også i Florø, Brønnøysund, Kristiansund og Hammerfest. Det etablerte samarbeidet mellom Avinor, lokale styresmakter og olje- og helikopterselskap kjem til å halde fram. Problema er òg blitt tekne opp i fleire internasjonale fora.

Avinor vil vidareføre arbeidet med å redusere risikoen for miljøskadelege hendingar som gjeld utslepp av kjemikaliar til vatn og grunn. Samstundes vil Avinor halde fram arbeidet med å kartleggje og rydde opp i tidlegare forureining. Dette gjeld særleg tilsetjingsstoff i brannskum (PFAS). Avinor vil halde fram med å bruke ressursar på å klarleggje omfanget av forureining av PFAS og på å gjennomføre nødvendige oppryddingstiltak.

5.8 Tilbringartransport

Samferdselsdepartementet har pålagt Avinor å vere ein pådrivar og å leggje til rette for at mest mogleg av transporten til og frå lufthamnene kan skje kollektivt. Auka prosentdel av passasjerreisene som går med kollektive transportmiddel, vil gi lågare klimagassutslepp og betre miljø. Tabell 5.2 viser kor stor del kollektivreisene utgjorde av den totale persontransporten til og frå dei fire største lufthamnene i 2009 og 2015, og Avinors mål for 2020. Den delen av tilbringartransporten som gjekk for seg med drosje i 2015, er vist separat og er ikkje rekna inn i tala for kollektivreiser.

Avinor sine lufthamner har gjennomgåande eit høgt innslag av kollektivreiser i persontransporten til og frå lufthamnene. Undersøkingar i regi av den internasjonale samanslutninga av lufthamner (ACI) viser til dømes at Oslo lufthamn ligg høgast i Europa. Kollektivreisene har auka i dei siste åra, både i absolutte tal og relativt sett, og måla for 2020 blei nådde i 2015 både i Oslo, Bergen og Trondheim. I lys av den positive utviklinga vil Avinor setje nye og meir ambisiøse mål for prosentdelen av kollektivreiser for 2030.

I 2013 vedtok Miljøverndepartementet eit mål om 75 pst. kollektivdel i reguleringsplanen for Oslo lufthamn. Avinor har gjennomført ei utgreiing av tiltak som skal medverke til reduserte klimagassutslepp frå aktiviteten ved Oslo lufthamn. Her har Avinor konkludert med eit mål for kollektivdelen på 70 pst. for 2020 og 75 pst. for 2030.

Dei viktigaste verkemidla for å auke innslaget av kollektivreiser ligg utanfor Avinor sitt ansvarsområde. Arealplanlegging og andre verkemiddel for å påverke busetjingsmønsteret eller kollektivtilbodet er døme på slike verkemiddel. Det viktigaste bidraget frå Avinor si side er å leggje til rette infrastrukturen ved lufthamnene og gi informasjon om tenestene til dei reisande. På dei største lufthamnene arbeider Avinor aktivt med dei største flybussoperatørane for å finne tiltak som kan auke prosentdelen for kollektivreiser. Avinor vil bruke erfaringane frå dette arbeidet til å satse meir på kollektivtilbod også ved dei mindre lufthamnene.

Avinor har i dei seinare åra opplevd auka etterspørsel etter oppstillingsplassar for flybussar ved dei største lufthamnene. Som følge av den auka etterspørselen har Avinor valt å gjennomføre konkurransar ved fleire lufthamner om leige av dei oppstillingsplassane som ligg nærmast terminalen. Konkurransane har vore gjennomførte på tilnærma same vis som dei konkurransane Avinor gjennomfører for utleige av andre kommersielle

Tabell 5.2 Prosentdel av passasjerreisene som går med kollektive transportmiddel ved dei fire største lufthamnene i Noreg.

Lufthamn	Kollektivreiser			Drosje
	2009	2015	Mål 2020	2015
Oslo	64	71	70	4
Stavanger	14	18	30	25
Bergen	27	42	40	18
Trondheim	42	52	50	9

Kjelde: Avinors Reisevaneundersøking 2015

areal ved lufthamnene. Avtalane blir inngått for 3–5 år om gongen.

5.9 Flysikring

Flysikring omfattar undervegstenester, innflygingskontrolltenester og tårnkontrolltenester, og dessutan flynavigasjonstenester og tekniske driftstenester, jf. boks 3.1. Avinor Flysikring har ansvaret for flysikring i norsk luftrom og yter tenester til både den sivile og militære luftfarten. Internasjonalt er marknaden for tårntenester og tenester innanfor navigasjon, overvaking og kommunikasjon i rask utvikling, mens undervegstenesta i hovudsak blir levert av statlege tenesteutøvarar. I Storbritannia, Italia og Spania er tenesteutøvarane delprivatiserte.

Lufthamner som ikkje er eigde av Avinor, har sidan 2012 hatt høve til å konkurranseutsetje flysikringstenesta. Regjeringa vil at også flysikringstenester ved Avinor sine lufthamner skal konkurranseutsetjast. Avinor har sidan den førre eigarmeldinga førebudd flysikringstenesta for konkurranse. Som eit første steg blei Avinor Flysikring skilt ut som eit heileigd dotterselskap av Avinor AS i juni 2014.

5.9.1 Undervegstenesta

Samferdselsdepartementet har peikt ut Avinor Flysikring til å levere undervegstenesta fram til 2024. Avinor Flysikring har som mål å vere ein leverandør i norsk luftrom også etter 2024. Undervegstenesta er regulert gjennom SES-regelverket sitt system for ytingsstyring, jf. avsnitt 3.4. Dei overordna måla for drifta av tenesta blir sette av EU og blir deretter konkretiserte og gjorde rettsleg bindande for tenesteytarane gjennom ein nasjonal ytingsplan.

Avinor Flysikring er ein del av luftromsblokka NEFAB saman med finske Finavia, estiske EANS og latviske LGS. Luftromsblokka samarbeider tett med Island og med dei svensk-danske og britisk-irske luftromsblokkene. I samband med NEFAB-samarbeidet blir det vurdert om det er mogleg å drive luftrom for kvarandre, uavhengig av landegrensar, for å utnytte ressursane og kapasiteten betre («*cross border sectorisation*»). Samarbeidsalliansen Borealis er etablert for å vidareutvikle det potensialet som ligg i eit grenseoverskridande samarbeid.

Ein viktig konkurransefaktor i undervegstenesta er den einingsprisen leverandørane kan tilby flyselskapa. Avinor Flysikring har ein av dei lågaste einingsprisane i Europa (jf. figur 4.2) og har sidan 2009 hatt ein reduksjon i einingsprisen på 38 pst. i nominelle kroner. Dette trekkjer trafikk til norsk luftrom og fører til høgare inntekter og reduserte prisar.

Avinor Flysikring står framfor investeringar for om lag ein mrd. kr i ny teknologi til undervegstenesta. I tillegg til å oppfylle krav frå styresmakterne forventar selskapet at teknologiskiftet skal gi ei monaleg effektivisering og medverke til at prisane framleis kan haldast låge for flyselskapa.

5.9.2 Flynavigasjonstenester og tekniske driftstenester

Flynavigasjonstenestene omfattar både drift av den nasjonale kjerneinfrastrukturen og tekniske driftstenester for lokalt utstyr ved lufthamnene. Begge tenesteområda ligg i Avinor Flysikring. Flynavigasjonstenesta består av eit landsdekkjande radar-/overvakingssystem som blir nytta av undervegstenesta, Avinors lufthamner, Forsvarets lufthamner og private lufthamner. I tillegg inngår eit landsdekkjande nett av kommunikasjonsinfrastruktur mellom bakken og flya. I tillegg

kjem lokalt flynavigasjonsutstyr som er knytt til kvar einskild lufthamn. Drifta av den nasjonale infrastrukturen er regulert gjennom den nasjonale ytingsplanen for undervegstenesta, mens drifta av det lokale utstyret ved lufthamnene er open for konkurranse.

Gjennom ansvaret for drifta av den nasjonale infrastrukturen forvaltar Avinor Flysikring ein viktig nasjonal kjernekompetanse. Avinor ønskjer at denne kompetansen kan nyttast til å vidareutvikle tenesta i Noreg. Avinor ønskjer òg å nytte denne kompetansen til å inngå partnerskap med private selskap for å konkurrere om oppdrag innanfor tilgrensande delar av verdikjeda, slik som beredskap, nødnett med meir. På same måte som innanfor tårntenesta meiner Avinor det er avgjerande at flynavigasjonstenesta får høve til å bygge konkurransekraft i Noreg for å sikre og vidareutvikle sentral nasjonal kompetanse innanfor flynavigasjonstenesta. Avinor meiner at samarbeid med norske og internasjonale industriaktørar òg kan vere aktuelt.

5.9.3 Tårn- og innflygingskontrolltenester

Avinor-lufthamner med kontrollert luftrom kjøper tårn- og innflygingskontrolltenester frå Avinor Flysikring på kommersielle vilkår. Kostnadene for tårntenesta er reduserte nominelt med 15 prosent frå 2014. Ved mindre lufthamner med flygeinformasjonsteneste (AFIS) blir tenesta ytt av lufthamna sjølv.

Avinor har ambisjon om å starte prosessen med å konkurranseutsetje tårn- og sikringstenester ved eigne lufthamner i 2017, men peiker på at dei behova Forsvaret har, må avklarast før det kan takast endeleg stilling til korleis konkurransen skal fasast inn. Avinor peiker òg på at selskapet satsar på fjernstyrte tårn. I perioden 2017–2020 kjem 15 av Avinor sine lufthamner til å få fjernstyrte tårn, som vil bli styrte frå eit senter i Bodø (fase 1). 12 av dei 15 lufthamnene som skal gå over til fjernstyring, er AFIS-lufthamner, mens dei tre resterande har kontrollert luftrom. Ansvaret for AFIS-tårntenester ligg i dag i morselskapet Avinor. For dei 12 AFIS-lufthamnene som får fjernstyrte tårn, kjem ansvaret for tårntenesta til å bli overført til Avinor Flysikring.

Innføringa av fjernstyrte tårn inneber eit stort teknologiskifte, og for å kome i gang trengst det ei investering på om lag ein mrd. kr. Avinor forventar at innføringa kjem til å gi dei 15 lufthamnene 30–40 pst. lågare driftskostnader for tårntenestene, samstundes som driftsstabiliteten blir betra.

Fjernstyrte tårn vil dermed ifølgje Avinor medverke til å gjere det mogleg for Avinor å halde ved lag ein landsomfattande lufthamnstruktur i tråd med samfunnsoppdraget til selskapet.

Avinor har òg ein ambisjon om ein fase 2 med innføring av fjernstyrte tårn ved ytterlegare 10–20 lufthamner. Stordriftsfordelane ved fjernstyrte tårn er vesentlege, og Avinor meiner at fleire fjernstyrte tårn kjem til å gi større innsparring. Avinor forventar såleis at fase 2 kjem til å gi 40–50 pst. lågare prisar for alle lufthamnene, medrekna dei 15 frå fase 1. Avinor meiner at dei reduserte kostnadene ved innføringa av fjernstyrte tårn er høgare enn dei kostnadsreduksjonane selskapet kan oppnå gjennom konkurranseutsetjing av tradisjonell teknologi.

Etablering av fjernstyrte tårn ved opptil 30 lufthamner inneber ei forskyving av oppstarten av konkurranse for desse lufthamnene. Avinor har planar om å konkurranseutsetje den fjernstyrte tårndrifta frå 2024, anten for einskild tårn eller for pakkar av tårn etter kvart som kontraktane går ut.

5.9.4 Organiseringa av flysikringsverksemda til Avinor

Avinor peiker på at konkurranse på marknaden for flysikringstenester vil føre til store endringar i rammevilkåra for Avinor Flysikring. Konkurranse kjem til å krevje tilpassingar i organiseringa av selskapet, i effektiviteten og i konkurransevilkåra. Konsernet vurderer derfor å etablere eit dotterselskap under Avinor Flysikring, som skal kunne tilby tårntenester både på heimemarknaden og internasjonalt. Selskapsstrukturen, styringa og leiinga skal etablerast slik at selskapet har tilstrekkeleg avstand til dei lufthamnene som er kjøparar av tenesta. Avinor har innhenta eksterne juridiske vurderingar som stadfestar at ein slik modell kan vere i tråd med regelverket for innkjøp.

Avinor meiner at Avinor Flysikring må få konkurransedyktige rammevilkår i tråd med dei vilkåra konkurrerende selskap har. Avinor peiker på at Avinor Flysikring i dag har ansvaret for fleire samfunnsplagde oppgåver innanfor luftfarten, og at det er knytt vesentlege kostnader til desse oppgåvene. Avinor meiner at dette er kostnader som konkurrentane ikkje har, og som kundane ikkje nødvendigvis kjem til å etterspørje og vere villige til å betale for. Avinor understrekar at det er viktig at denne problemstillinga blir handtert når den norske marknaden for flysikring blir opena.

5.9.5 Deltaking på internasjonale marknader

Parallelt med at styresmaktene opnar den norske flysikringsmarknaden for konkurranse, meiner Avinor at selskapet må få høve til å delta i internasjonal konkurranse. Avinor peiker spesielt på teknologien for fjernstyrte tårntenester som Avinor Flysikring har utvikla i samarbeid med Kongsberg Gruppen og det spanske teknologiselskapet Indra. Ifølgje Avinor kjem denne teknologien til å gi store innsparingar, og Avinor viser til at teknologien er etterspurd på den internasjonale marknaden.

Avinor meiner òg at å delta på den internasjonale marknaden kjem til å gi positive verknader for leveransane i Noreg, mellom anna ved at ein får styrkt den nasjonale flysikringskompetansen, får utnytta stordriftsfordelar, får avkastning på investeringa i fjernstyrte tårn, får skapt nye moglegheiter til å drive forretning og får stimulansar til auka innovasjon. Ifølgje Avinor kan det bli nødvendig å inngå partnerskap med nasjonale aktørar for å kunne konkurrere på nokre av dei utanlandske marknadene.

6 Samferdselsdepartementet sine vurderingar og regjeringa sin politikk

Dette kapitlet, og kapittel 7 om økonomiske og finansielle forhold, presenterer Samferdselsdepartementet sine vurderingar av dei planane og strategiane Avinor har, og regjeringa sin politikk for eigarstyring av selskapet. Dei planane Avinor har for utviklinga av lufthamnettet på lengre sikt, slik det kjem fram i *Grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2018–2029*, blir kort kommenterte. Det blir vist til Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan 2018–2029* for ein presentasjon av transportpolitikken til regjeringa meir generelt. Her finst det ein meir detaljert gjennomgang av dei planane regjeringa har for å utvikle lufthamnettet på lang sikt. I Nasjonal transportplan blir også regjeringa sin miljøpolitikk for samferdselssektoren, medrekna luftfartssektoren, presentert. Det blir òg gitt sektorovergripande føringar for arbeidet med samfunnstryggleik.

6.1 Flytryggleik og samfunnstryggleik

Regjeringa legg visjonen om null drepne og hardt skadde i transportsektoren, nullvisjonen, til grunn for arbeidet med transporttryggleiken. Flytryggleiksnivået i norsk luftfart er høgt, og regjeringa vil arbeide for å oppretthalde og vidareutvikle det høge tryggleiksnivået. Samferdselsdepartementet føreset derfor at Avinor framleis prioriterer flytryggleiken også i tida framover, i ei tid med aukande trafikk, raske teknologiske endringar, auka konkurranse og meir utfordrande vêrtilhøve.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor følgjer dei føringane for arbeidet med samfunnstryggleik som er gitt i Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan (2018–2029)*, og føringane i *Strategi for samfunnssikkerhet i samferdselssektoren*, som blei lagd fram hausten 2015.

6.2 Effektivitet og moderniseringsprogrammet til Avinor

Det er eit mål for staten som eigar at Avinor på ein kostnadseffektiv måte når dei sektorpolitiske måla som er sette. Samferdselsdepartementet vurderer derfor moderniseringsprogrammet til Avinor som viktig og nødvendig. Avinor har eit mål om å redusere dei årlege driftskostnadene med 450 mill. kr i 2017 og 600 mill. kr i 2018, samanlikna med det Avinor tidlegare rekna med blei driftskostnadene for desse åra. Målet for 2015 på 150 mill. kr og målet for 2016 på 300 mill. kr blei begge nådde.

Trass i store rapporterte kostnadsreduksjonar er det likevel krevjande for eigaren å vurdere effektiviteten i selskapet. I 2012 gjennomførde Samferdselsdepartementet ein samanliknande studie av effektiviteten i Avinor og samanliknbare selskap. Studien konkluderte med at Avinor hadde eit effektiviseringspotensial, særleg ved dei mindre lufthamnene. Samferdselsdepartementet vil setje i gang ein ny samanliknande studie av effektiviteten i Avinor. Studien vil ta omsyn til at samfunnsoppdraget til Avinor og dei samfunnspålagde oppgåvene gir selskapet ei plikt til å levere ei rekkje kostnadskrevjande og bedriftsøkonomisk ulønnsame tenester. Samferdselsdepartementet tek sikte på å presentere studien i den neste eigarmeldinga om Avinor.

Departementet vil spesielt peike på det potensialet som ligg i å konkurranseutsetje tenesteproduksjonen. Departementet ser positivt på at Avinor gjennom moderniseringsprogrammet vurderer alternative driftsmodellar som inneber større innslag av private aktørar.

Avinor er i dag medlem av Statens pensjonskasse. Samferdselsdepartementet er kjent med at Avinor vurderer å avslutte avtalen med Statens pensjonskasse og finne nye og finansielt meir føreseielege pensjonsordningar. Departementet ser positivt på endringar som på sikt kan gi Avinor reduserte og meir føreseielege pensjonskostna-

der. Det er likevel styret og leiinga i selskapet som, i samråd med dei tilsette, avgjer kva slags pensjonsordning selskapet skal nytte.

6.3 Oslo lufthamn

Inntektene frå Oslo lufthamn er viktige for at Avinor skal kunne utføre samfunnsoppdraget. Lufthamna er også det klart største navet i det norske lufthamnnettet og den viktigaste porten mot utlandet. Departementet støttar Avinor sitt mål om å vidareutvikle Oslo lufthamn som eit nasjonalt og internasjonalt knutepunkt. Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor held fram med å planleggje ei tredje rullebane, og at det austre alternativet blir lagt til grunn for den vidare prosessen. Det er usikkert når behovet for ei tredje rullebane eventuelt oppstår og regjeringa har ikkje teke stilling til spørsmålet om utbygging. Når Avinor meiner behovet oppstår, må selskapet søkje konsesjon etter luftfartslova. Konsesjonsøknaden vil da bli behandla av Samferdselsdepartementet.

6.4 Utvikling i rutetilbod

Samferdselsdepartementet arbeider aktivt for å forhandle fram nye luftfartsavtalar med land som Noreg ikkje har avtalar med i dag, og å reforhandle eksisterande avtalar der det er formålstenleg. Departementet ser positivt på arbeidet Avinor gjer for å utvikle rutetilbodet til utlandet frå Oslo lufthamn og andre lufthamner. Avinor har høve til å gi rabattar, til dømes i samband med oppstart av nye ruter. Rabattane må vere kommersielt grunnleggjande og i tråd med regelverket for statsstøtte.

6.5 Private og lokale aktørar ved Avinor sine lufthamner

Av den politiske plattformen til regjeringa (Sundvolden-erklæringa) går det fram at regjeringa vil leggje til rette for at kommunar og private skal kunne delta i utviklinga i og omkring flyplassar. Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2015, jf. Innst. 13 S (2014–2015), gjorde Stortinget følgjande oppmodingsvedtak: «*Stortinget ber regjeringa foreta en gjennomgang av hvordan det kan legges til rette for økt deltagelse fra private aktører når*

det gjelder drift av Avinors mindre lufthavner.» (Vedtak 95, 4. desember 2014).

Det er allereie eit vesentleg innslag av private aktørar ved Avinor sine lufthamner, jf. nærmare omtale i avsnitt 5.5. Avinor vurderer stadig nye område for konkurranseutsetjing. Då selskapet overtok Bodø lufthamn frå Forsvaret hausten 2016, blei store delar av drifta sett ut til eksterne aktørar. I eigeomsstrategien til Avinor ønskjer selskapet å samarbeide med private aktørar i utviklinga av terminalane og områda i nærleiken.

Frå 1. april 2016 er det ikkje lenger rutetraffikk på Fagernes lufthamn. Ved behandlinga av Prop. 19 S (2015–2016) *Endringer i statsbudsjettet 2015 under Samferdselsdepartementet*, jf. Innst. 132 S (2015–2016), vedtok Stortinget at Fagernes lufthamn skal drivast som ei rein charterlufthamn i regi av Avinor fram til lokale eigarar tek over, men ikkje lenger enn til 1. januar 2019. Det blei sett som føresetnad at lokalt næringsliv frå 2017 skal dekkje delar av dei kostnadene Avinor har ved å føre drifta vidare, og at lokalt næringsliv i 2018 skal dekkje halvparten av Avinor sine kostnader. Samferdselsdepartementet har bedt Avinor om å ta initiativ til ein prosess som involverer lokale aktørar, slik at lufthamna kan overdragast til lokale eigarar seinast 1. januar 2019, i tråd med vedtaket i Stortinget. Som ein del av oppdraget bad departementet Avinor om å medverke til å finne ei tenleg organisering av den lokale eigarskapen i dialog med dei lokale aktørane, og å medverke med opplæring og overføring av kompetanse til dei nye eigarane. Overdraginga av lufthamna kjem òg til å reise statsstøtterettslege og økonomiske spørsmål. Avinor er bedt om å medverke til å få avklart dette i god tid før 1. januar 2019.

I Prop. 31 S (2016–2017), jf. Innst. 129 S (2016–2017), vart det orientert om at regjeringa vil setje i gang eit arbeid i 2017 for å innføre ein tenestekonsesjonsmodell ved Avinor si lufthamn ved Haugesund, Karmøy. Ein tenestekonsesjon inneber at staten ved Avinor framleis eig lufthamna, men at heile drifta av lufthamna blir sett bort til andre etter ein anbods konkurranse. Tenestekonsesjonshavaren skal ha heile ansvaret for drifta og vedlikehaldet av lufthamna og kan fritt fastsetje lufthamnavgiftene og styre den kommersielle drifta. Det kjem ikkje til å bli gitt tilskot til lufthamndrifta, og tenestekonsesjonshavaren må dekkje alle kostnader ved å nytte den statlege infrastrukturen.

Tabell 6.1 Driftsresultat før av- og nedskrivningar (EBITDA) for Avinor sine hotell 2012–2016. Millionar kr.

	2012	2013	2014	2015	2016
Værnes Eigedom AS	12,4	12,6	11,6	13,2	13,9
Flesland Eigedom AS	29,4	32,2	29,0	27,5	22,2
Sola Eigedom AS	24,7	26,7	31,4	22,3	16,4
Hotell Østre AS				34,5	50,2

6.6 Rammer for kommersiell verksemd

Avinor gjer greie for eigedomsstrategien sin og for planar for ny kommersiell verksemd i § 10-planen. I samarbeid med private aktørar ønskjer Avinor å vidareutvikle dei eigedommane selskapet har i tilknytning til lufthamnene, der dette er formålstenleg. Avinor vil òg vurdere eit internasjonalt engasjement på lufthamnområdet, og nemner spesielt konsulenttenester, men òg eventuell deltaking i konkurransar om driftsoppdrag i utlandet. Avinor Flysikring ønskjer å sjå på om det er mogleg å gå inn på marknader på andre område enn flysikring, til dømes overvaking, trafikkstyring og fjernstyring.

Tabell 6.1 viser utviklinga i driftsresultat før av- og nedskrivningar (EBITDA) for Avinor sine hotell i perioden 2012–2016.

Samferdselsdepartementet meiner at Avinor bør konsentrere seg om utvikling og drift av norske lufthamner. Avinor sine aktivitetar utanfor kjerneverksemda, medrekna eigedomsutvikling, bør avgrensast. Samferdselsdepartementet meiner at Avinor i større grad bør leggje til rette for samarbeid med lokale og/eller private aktørar om utviklinga av områda rundt lufthamnene. Samferdselsdepartementet meiner òg at det primært bør vere som grunneigar Avinor bør engasjere seg i eigedomsutvikling. Det vil seie at Avinor bør freiste å hente ut avkastninga som følgjer av plasseringa av eigedommane, og i mindre grad engasjere seg i eigedomsutviklinga oppover i verdikjeda.

Ei utviding av verksemda til å omfatte kommersielle konsulentoppdrag og andre aktivitetar i utlandet innanfor lufthamndrift er, slik departementet vurderer det, heller ikkje i tråd med kjerneoppgåvene til Avinor. Av same årsak ønskjer ikkje departementet at Avinor Flysikring skal utvide verksemda til andre område enn flysikring.

6.7 Miljø

Samferdselsdepartementet er positiv til Avinor sitt mål om å vere ei drivkraft i miljøarbeidet i luftfarten og å minimere miljøbelastninga frå eiga verksemd. Departementet vil trekkje fram arbeidet selskapet gjer for å leggje til rette for bruk av biojetdrivstoff ved Oslo lufthamn, og viser til at Avinor vurderer å utvide ordninga til fleire lufthamner. Avinor sitt langsiktige prosjekt for å leggje til rette for at elektriske passasjerfly skal kunne bruke Avinors lufthamner i framtida, er innovativt og interessant.

Flystøy er svært belastande for dei som blir råka, og departementet legg til grunn at Avinor vidarefører arbeidet med å minimere ulempene som flytrafikken skaper på dette området. Departementet er òg oppteke av at arbeidet knytt til bruk av kjemikalier og forureining av grunnen som følgje av dette, blir vidareført. Det same gjeld andre negative følgjer som verksemda i Avinor kan ha for miljøet.

6.8 Tilbringartransport

Ved behandlinga av Dokument 8:65 S (2014–2015), jf. Innst. 258 S (2014–2015), gjorde Stortinget følgjande oppmodingsvedtak: «*Stortinget ber regjeringa på egnet måte melde tilbake om utviklinga i kollektivandelen til, fra og på norske flyplasser*» (vedtak 542, 12. mai 2015).

Samferdselsdepartementet viser i den samanheng til avsnitt 5.8, der det går fram at kollektivdelen har auka i dei siste åra, og at Oslo lufthamn har den høgaste kollektivdelen i Europa. Samferdselsdepartementet vurderer det slik at Avinor medverkar til at ein større del av tilbringartransporten skjer kollektivt, og det er viktig at arbeidet held fram. Departementet forventar at Avinor set nye og meir ambisiøse mål for kollektivdelen for 2030.

Som selskapet også peiker på, ligg dei viktigaste verkemidla likevel hos andre aktørar. Kol-

lektivtransportpolitikken til regjeringa er presentert i Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan 2018–2029*. Generelt vil tiltak og verkemiddel som betrar konkurranseevna til kollektivtransporten i forhold til privatbil, òg kunne medverke til å auke kollektivdelen i bringartransporten.

Hausten 2014 presenterte Samferdselsdepartementet *Handlingsplan for kollektivtransport*. Her seier departementet: «Samferdselsdepartementet vil vurdere om det er behov for å ta inn forventning om betre tilrettelegging for konkurranse mellom flybusselskap i samband med neste stortingsmelding om verksemnda til Avinor.»

Som det blir orientert om i avsnitt 5.8, gjennomfører Avinor konkurransar mellom busselskapa om leige av oppstillingsplassane nær terminalane på same måten som selskapet gjennomfører konkurransar om utleige av andre areal. Samferdselsdepartementet er samd i denne tilnærminga, og meiner at selskapet oppfyller ambisjonen i *Handlingsplan for kollektivtransport* på ein god måte. Departementet meiner derfor at det ikkje er ønskjeleg å leggje føringar for korleis Avinor skal handtere saka.

6.9 Nasjonal transportplan 2018–2029

Det er styret i Avinor som tek avgjerder om og er ansvarleg for investeringar selskapet skal gjere. Men nedlegging og bygging av nye lufthamner er òg viktige politiske spørsmål, og det har vore lagt til grunn at det er Stortinget som avgjer kva for lufthamner Avinor skal drive. Lufthamnstrukturen må sjåast i samanheng med utviklinga i annan transportinfrastruktur, og regjeringa sine planar blir lagde fram for Stortinget om lag kvart fjerde år i Nasjonal transportplan. Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan 2018–2029* blir lagd fram for Stortinget samtidig med eigarmeldinga. Nedanfor er det gitt ei oversikt over dei viktigaste tiltaka på Avinor sitt område. Vi viser til Meld. St. 33 (2016–2017) for ein grundigare gjennomgang.

Regjeringa er positiv til å flytte lufthamna i Bodø og vil gi Avinor i oppdrag å halde fram med arbeidet med detaljplanlegging av ei flytting med sikte på å fremje ein konsesjonssøknad. I Nasjonal transportplan er det sett av eit statleg bidrag i første del av perioden til å finansiere flyttinga av Bodø lufthamn. Det er også sett av eit stateleg bidrag i siste del av planperioden til å medverke til å finansiere bygginga av ei ny lufthamn i Mo i Rana.

Arbeidet i Avinor med eventuelle nye lufthamner i Hammerfest og Lofoten blir ført vidare.

Regjeringa sluttar seg i meldinga elles til vurderingane i analysen av kortbanenettet som Avinor utførde på oppdrag av Samferdselsdepartementet våren 2015. Avinor konkluderte i analysen med at ingen av dei lufthamnene dette gjeld, blir foreslått nedlagde i perioden 2015–2019, men at kostnadene må reduserast med 100–150 mill. kr innan 2019.

6.10 Konkurransetsetjing av flysikringstenester

Av Sundvolden-erklæringa går det fram at flysikringstenester skal konkurransetsetjast. Internasjonalt blir undervegstenesta stort sett levert av statlege tenesteutøvarar, og departementet har valt å ikkje konkurransetsetje undervegstenesta.

Formålet med konkurransetsetjinga er å få betre og/eller rimelegare flysikringstenester. Vidare skal tryggleiken i luftfarten vere minst like god som i dag, og Forsvaret skal få dekt sine behov. Konkurransetsetjing av flysikringstenester kan kome til å krevje endringar i flysikringsregelverket og dermed tiltak frå Samferdselsdepartementet i rolla som styresmakt. Dette er omtalt i avsnitt 3.5. Nedanfor blir konkurransetsetjinga omtalt ut frå departementet si rolle som eigar.

Samferdselsdepartementet bad det britiske konsulentselskapet Helios greie ut spørsmål knytte til konkurransetsetjing av flysikringstenestene som Avinor Flysikring i dag står for, bortsett frå undervegstenesta. Dei viktigaste tilrådingane frå Helios er presenterte i boks 6.1. Næringsaktørar, styresmakter og organisasjonar har hatt høve til å uttale seg om rapporten, og Avinor AS har behandla spørsmålet om konkurransetsetjinga i § 10-planen, jf. avsnitt 5.9. Forslaget frå departementet byggjer på innspel frå alle desse instansane.

6.10.1 Innfasing av konkurranse

I § 10-planen legg Avinor opp til å starte arbeidet med å innføre konkurranse om flysikringstenestene i 2017. Ved lufthamner der fjernstyrte tårn er meir kostnadseffektivt enn konkurransetsetjing av tradisjonell teknologi, ønskjer selskapet å etablere fjernstyrte tårn. Samferdselsdepartementet meiner at kostnadseffektivitet må prioriterast, og er samd i Avinor sine vurderingar om å prioritere å ta i bruk fjernstyrte tårn der Avinor reknar med at dette gir større innsparingar enn konkurransetsetjing bygd på tradisjonell flysikringsteknologi. Ved dei andre lufthamnene forventar Sam-

ferdselsdepartementet at Avinor startar prosessen med å ta i bruk konkurranse om tårn- og innflygingstenester i 2017. Innfasinga av lufthamner der flysikringstenestene skal konkurranseutsetjast, og utforminga av anbudsgrunnlaget skal skje i samarbeid mellom Avinor og Forsvaret. Flytryggleiken og den nasjonale beredskapen må sikrast. Det er viktig at omfanget av konkurransen blir stort nok til at marknaden blir interessant for fleire potensielle tilbydarar.

6.10.2 Organisering av Avinor Flysikring AS

På ein konkurranseutsett marknad er det viktig at konkurrerande flysikringsleverandørar har tillit til at konkurransen er rettferdig. I motsett fall vil dei neppe ønskje å delta i konkurransen, og konkurranseutsetjinga vil kunne gi mindre kostnadsreduksjon enn ein elles kunne ha oppnådd. I § 10-planen ønskjer Avinor AS å etablere eit dotterselskap under Avinor Flysikring AS, som skal delta i konkurransen om flysikringsoppdrag i Noreg og utlandet. Avinor meiner at dette gir tilstrekkeleg avstand til lufthamneigaren Avinor til å skape tillit og ein verksam konkurranse. Avinor AS ønskjer framleis å eige Avinor Flysikring AS.

Samferdselsdepartementet er samd med Avinor i at ein slik modell kan fungere i ein oppstartsfasen. På litt sikt, når stadig fleire flysikringsoppgåver blir konkurranseutsette, meiner likevel departementet at effektiv konkurranse føreset større avstand mellom flysikringsverksemda og lufthamnerverksemda enn det Avinor legg opp til. Samferdselsdepartementet vil derfor setje i gang ein prosess fram mot neste eigarmelding med sikte på å flytte eigarskapen til Avinor Flysikring AS ut av Avinor-konsernet.

Verken konkurranseutsetjing av flysikringstenester eller ei flytting av eigarskapen til Avinor Flysikring vil i seg sjølv føre til endringar i den gjeldande ordninga med kryssubsidiering mellom lufthamnene. Departementet bestemmer i dag at flysikringsavgiftene flyselskapa betaler ved dei fleste av Avinor sine lufthamner, skal vere lågare enn kostnaden lufthamna reint faktisk har etter leveranseavtalen med Avinor Flysikring AS. Avinor må derfor dekkje differansen med det kommersielle overskotet frå dei største lufthamnene. Samferdselsdepartementet forventar at konkurranseutsetjinga kjem til å redusere kostnadene ved flysikring, men neppe nok til at gapet mellom inntektene frå avgiftene og kostnaden ved flysikringstenesta ved dei mindre lufthamnene blir borte.

6.10.3 Drift av flysikring i utlandet

Stortinget har allereie slutta seg til at Avinor Flysikring kan drive konsulentverksemd i utlandet, jf. Prop. 19 S (2015–2016) / Innst. 132 S (2015–2016). Men selskapet har i dag ikkje høve til å drive flysikringsverksemd i utlandet, slik konkurranse har. Konkurranse i utlandet kan gi høve til å hente ut stordriftsfordelar, medverke til å styrkje flysikringskompetansen og stimulere til innovasjon. Dette kan bidra til å ivareta nasjonal samfunnskritisk kompetanse. Av omsyn til beredskapen og av omsyn til leveringstryggleiken er det, slik Samferdselsdepartementet vurderer det, viktig å ha eit kompetent og operativt nasjonalt flysikringsselskap, også i ein situasjon der tenestene er konkurranseutsette.

Som det går fram av det som er sagt ovanfor, legg Avinor opp til å etablere eit dotterselskap under Avinor Flysikring, som skal delta i konkurransen om flysikringsoppdrag i Noreg og utlandet. Dotterselskapet skal vere finansielt og operativt skilt frå resten av Avinor Flysikring, slik at både den finansielle og den operative risikoen ved å drive flysikringsverksemd i utlandet er avgrensa. Samferdselsdepartementet legg såleis til grunn at Avinor Flysikring, gjennom eit dotterselskap, skal ha høve til å konkurrere om flysikringsoppdrag i utlandet når heimemarknaden blir opna for konkurranse.

6.10.4 Personell

I dag finansierer Avinor Flysikring utdanninga av flygeleiarar. Avinor finansierer utdanninga av personalet som står for den lokale flygeinformasjonstenesta (AFIS) frå tårna ved lufthamnene som i dag har AFIS. Det følgjer av samfunnsoppdraget og utpeikingsvedtaket at Avinor Flysikring skal levere flysikringstenester til den sivile og militære luftfarten. I ein situasjon der flysikringsmarknaden er open for konkurranse, vil dette framleis gjelde for undervegstenesta og for alle lufthamner der det ikkje uttrykkeleg er peikt ut andre leverandørar. Ein konsekvens av dette er at Avinor Flysikring må syte for å ha mange nok tilsette med rett utdanning. Det same gjeld alle flysikringsleverandørar som vinn oppdrag i Noreg og blir peikte ut av departementet til å levere nærmare spesifiserte tenester. Både tilbodet av og etterspørselen etter flygeleiarar og anna tårnpersonell vil kunne bli mindre føreseieleg enn i dag, og i større grad styrt av marknaden for flysikringstenester.

Boks 6.1 Helios si utgreiing om konkurranseutsetjing av flysikringstenester

Flysikringstenester er teknologisk kompliserte tenester og krevjande å omsetje i ein marknad. Vidare er tenestene viktige både strategisk og med tanke på tryggleiken. Samferdselsdepartementet valde derfor å starte arbeidet med å konkurranseutsetje flysikringstenester, slik den politiske plattformen for regjeringa legg opp til, med å få greidd ut nokre viktige problemstillingar. Etter ein anbodskonkurranse blei det britiske konsulentsekskapet Helios valt til å stå for denne utgreiinga, som blei ferdigstilt tidleg i 2016. Arbeidet er dokumentert i to rapportar som finst på heimesida til Samferdselsdepartementet.

I den første rapporten diskuterer Helios kva for flysikringstenester som høver for konkurranse, og korleis konkurransen bør fasast inn. Tiltrådinga byggjer mellom anna på Helios sine vurderingar av kva for behov Forsvaret har,

potensialet for innsparing og eit ønske om at oppgåva skal vere attraktiv for potensielle tilbydarar.

I den andre rapporten gir Helios tilrådingar om korleis ei rekkje organisatoriske og marknadsmessige rammevilkår som er bestemte av styresmaktene, bør endrast for å få til effektiv konkurranse. Helios tilrår mellom anna at dotterselskapet Avinor Flysikring AS blir skilt ut frå morselskapet Avinor AS for å sikre tillit på marknaden til at konkurransen går for seg på like vilkår. For at det nye flysikringsselskapet skal kunne overleve på ein konkurranseutsett marknad, er det ein føresetnad at det får betalt for dei tenestene selskapet er pålagt å levere. Helios meiner at staten kan overta ansvaret for å finansiere oppgåver og forpliktingar som ikkje utan vidare kan finansierast gjennom brukarbetaling, og som konkurrentane ikkje har.

7 Finansielle forhold

Dette kapitlet presenterer verdivurderinga av Avinor AS som blei utført av PricewaterhouseCoopers AS (PwC) våren 2016. Rapporten frå PwC dannar òg grunnlaget for omtalen av avkastningsmålet for selskapet, oppnådd avkastning og utbyttepolitikken. Vidare drøftar kapitlet rammene for finansieringsmodellen til selskapet.

7.1 Verdivurdering

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet gjennomførde PwC våren 2016 ei verdivurdering av Avinor AS. Rapporten er tilgjengeleg på heimesida til Samferdselsdepartementet.

Verdivurderinga gir eit overslag over marknadsværdien til selskapet, medrekna dotter-selskap. PwC har teke utgangspunkt i dei langsiktige inntekts- og kostnadsprognosane til Avinor frå 2016 til 2031, slik dei går fram av den finansielle verksemdsplanen til selskapet for den same perioden. PwC har etter eiga vurdering justert inntektene noko ned og kostnadene noko opp. Værdien av selskapet er rekna ut på grunnlag av den neddiskonterte værdien av framtidige kontantstrøumar. PwC har lagt til grunn avkastningsmålet (referanseavkastning) på 4,7 pst. for Avinor Flysikring AS og 5,1 pst. for resten av Avinor AS (jf. avsnitt 7.2). Selskapsværdien blei estimert til 36,7 mrd. kr. Justert for netto gjeld i konsernet på 16,1 mrd. kr, i tillegg til andre justeringar på -0,2 mrd. kr, blei eigenkapitalværdien til Avinor fastsett til 20,3 mrd. kr.

Værdien av dei ulike delane av Avinor-konsernet varierer nokså mykje, jf. tabell 7.1. Dei fire største lufthamnene går med bedriftsøkonomisk overskot og gir positive bidrag til totalværdien av konsernet. Særleg blir det forventat at Oslo lufthamn også i tida framover skal gi eit vesentleg overskot og eit dominerande bidrag til selskapsværdien. Dei regionale lufthamnene blir drivne med bedriftsøkonomisk underskot og dreg den samla værdien av selskapet i negativ retning. Avinor Flysikring og eigedomsdivisjonen gir svakt positive bidrag, mens stabsdivisjonen, som er ein

Tabell 7.1 Marknadsværdi av eigenkapitalen i Avinor-konsernet etter driftssegment, 2015. Milliarder kroner.


Divisjon	Verdi
Oslo lufthamn	42,1
Bergen lufthamn	7,5
Stavanger lufthamn	7,2
Trondheim lufthamn	4,9
Regionale lufthamner	-22,0
Flysikring	1,2
Eigedom	2,0
Stab	-6,2
Selskapsverdi	36,7
Netto gjeld	16,1
Andre justeringar	-0,2
Eigenkapitalverdi	20,3

Kjelde: PricewaterhouseCoopers AS

rein støttefunksjon utan egne inntekter, gir eit negativt bidrag.

7.2 Avkastningsmål for Avinor

Avkastningsmålet blir nytta for å vurdere avkastninga på den kapitalen som er investert i eit selskap. Avkastningsmålet skal reflektere den avkastninga eigaren ville ha oppnådd over tid dersom kapitalen var blitt investert i andre selskap med tilsvarende systematiske risikoar. Avkastninga til selskapet samanlikna med avkastningsmålet er ein indikasjon på om det blir drive effektivt. Kapitalavkastninga i Avinor er avhengig av rammevilkår fastsette av styresmaktene, mellom anna samfunnsoppdraget, samfunnsoppgåvene, rammene for luftfartsavgiftene og reglane for avgiftsfritt sal. Det må takast omsyn til slike fakto-



Figur 7.1 Utvikling i bokført avkastning på investert kapital 2012–2016. Prosent.

rar når ein samanliknar avkastninga med avkastningsmålet.

I den førre stortingsmeldinga om Avinor, jf. Meld. St. 38 (2012–2013), blei det fastsett eit avkastningsmål for den investerte totalkapitalen (*Weighted average cost of capital* – WACC) i Avinor-konsernet på 6,1 pst. Avkastningsmålet for Avinor Flysikring blei sett til 5,5 pst. og avkastningsmålet for anna verksemd i Avinor til 6,1 pst. Avkastningsmåla blei sette på grunnlag av ein analyse gjord av Deloitte AS hausten 2011.

Som ein del av verdivurderinga av Avinor AS, jf. det som er sagt ovanfor, har PwC vurdert avkastningsmålet. PwC tilrår å redusere avkastningsmålet til 5,1 pst. for konsernet samla sett. Tilrådd avkastningsmål for Avinor Flysikring AS er 4,7 pst., og for andre lufthamntenester, som utgjer 97 pst. av dei varige driftsmidlane, er det tilrådde avkastningsmålet det same som for konsernet samla, altså 5,1 pst. Tabell 7.2 syner nye avkastningsmål for eigenkapitalen og totalkapitalen for Avinor Flysikring, andre lufthamntenester og Avinor samla. Samferdselsdepartementet vil leggje desse avkastningsmåla til grunn i tida framover.

Det er nedgangen i rentenivå som er hovudårsaka til at avkastningsmålet for Avinor blir justert ned frå 6,1 pst. til 5,1 pst.

Figur 7.1 viser utviklinga i den bokførde avkastninga på investert totalkapital for åra 2012–2016, slik dette er rapportert i årsrekneskapane til Avinor, og avkastningsmålet i den same perioden. Avkastninga i 2015 er prega av inntektene frå salet av hotellet Radisson Blu ved Oslo lufthamn. Også i 2014 var avkastninga på investert kapital høgare enn avkastningsmålet. Avkastninga var høgare enn det nye avkastningsmålet på 5,1 pst. også i 2012 og 2016, og om lag på dette nivå i 2013.

PwC forventar ei relativt låg bokført kapitalavkastning i 2017 som følgje av moderat inntektsvekst og framleis høge investeringar, særleg i samband med terminalprosjekta ved Oslo lufthamn og Bergen lufthamn. Deretter minkar investeringsnivået, samstundes som det er forventa ein vekst i inntektene, og frå tidleg i 2020-åra forventar PwC ein auke i bokført avkastning på den investerte kapitalen.

Tabell 7.2 Avkastningsmål for Avinor Flysikring, andre lufthamntenester og Avinor samla. Prosent.

	Avinor Flysikring	Andre lufthamntenester	Samla
Totalkapitalen (WACC)	4,7	5,1	5,1
Eigenkapitalen	8,1	9,0	9,0

7.3 Samferdselsdepartementet sin langsiktige utbytteforventning

Gjennom utbyte tek eigaren ut avkastning på kapitalen som er skoten inn i selskapet.

